

Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR).

Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren og Ritlandskrateret

Vegard Gundersen og Odd Inge Vistad



NINAs publikasjoner

NINA Rapport

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

NINA Temahefte

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

NINA Fakta

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

Annen publisering

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR).

Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren og Ritlandskrateret

Vegard Gundersen
Odd Inge Vistad

Gundersen, V. og Vistad, O.I. 2016. Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren, og Ritlandskrateret. NINA Rapport 1221. 72 s + vedlegg.

Lillehammer, februar 2016

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-2852-7

RETTIGHETSHAVER

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

TILGJENGELIGHET

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON

Forfatterane

KVALITETSSIKRET AV

[Jon Museth]

ANSVARLIG SIGNATUR

Forskningsjef Jon Museth (sign.)

OPPDRAKSGIVER(E)/BIDRAGSYTER(E)

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

OPPDRAKSGIVERS REFERANSE

[xx]

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAGSGIVER/BIDRAGSYTER

Verneområdeforvaltar Tarjei Haugen

FORSIDEBILDE

Parkeringsplass Kleivaland - Ritlandskrateret, Hjelmeland kommune (Foto: Vegard Gundersen)

NØKKEWORD

Verneområda Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Frafjordheiane

- Informasjonsplan
- Tilrettelegging/tiltak for ulike brukargrupper
- Bruk - vern
- Kunnskapsbehov

KEY WORDS

- Information plan
- Facilitation / management measures
- Use and protection
- Knowledge needs

KONTAKTOPPLYSNINGER

NINA hovedkontor

Postboks 5685 Sluppen
7485 Trondheim
Telefon: 73 80 14 00

NINA Oslo

Gaustadalléen 21
0349 Oslo
Telefon: 73 80 14 00

NINA Tromsø

Framsenteret
9296 Tromsø
Telefon: 77 75 04 00

NINA Lillehammer

Fakkeltgården
2624 Lillehammer
Telefon: 73 80 14 00

www.nina.no

Samandrag

Gundersen, V. og Vistad, O.I. 2016. Besøksstrategi for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fra-fjordheiane (SVR). Kjerag, Mån og Månafossen, Håhelleren, og Ritlandskrateret. NINA Rapport 1221. 72 s + vedlegg

I denne rapporten er fire lokalitetar analysert i verneområda SVR og inkluderer Kjerag, Månafossen/garden Mån, Håhelleren og Ritlandskrateret. Dei tre fyrste er udiskutable attraksjonar, innfallsportar, knutepunkt, der det er dels veldig høge besøkstal og eit opplagt behov for å ha eit aktivt forhold til bruken og brukarane, t.d. i form av informasjon. Den fjerde attraksjonen, Ritlandskrateret, skil seg noko ut ved å vere mindre kjent (for folk flest/utanfor regionen) og mindre besøkt, og med andre utfordringar når det gjeld informasjon og tilrettelegging. Alle fire lokalitetane er tilgjengelege og informerte om på ulike nettsider, t.d. er dei alle nemnde som turmål på www.ut.no, med kart, bilete, ruteforslag og nyttig praktisk informasjon.

Det er viktig med dokumentert kunnskap om dagens bruk og spekteret av brukarar – både dei lokale, regionale og dei tilreisande. Dette er ein viktig basiskunnskap for å utvikle ein besøksstrategi, saman med kunnskap om verneverdiar knytt til natur og brukshistorie. Eksisterande kunnskap om dei besøkande er oppsummert for kvar av dei fire lokalitetane. For tre av dei fire pilotområda er det eit visst kunnskapsgrunnlag om bruksomfang (direkte og indirekte teljingar), men for Ritlandskrateret veit ein berre at besøkstalet er lågt. For Kjerag og for Håheller-området er det også forenkla/tidsavgrensa spørjeundersøkingar.

Vi har lagt opp til ulike analysar og vurderingar, tilpassa den enkelte lokalitet. Kjerag og Månafossen er i dag store primærattraksjonar, truleg med mange uerfarne vandrarar, og rapporten set fokus på korleis ein kan sikre og betre turopplevinga, bygd på kunnskap om kva ulike brukargrupper søkjer, og kva dei sannsynlegvis treng av tilrettelegging og informasjon. Håhellerområdet og vegen over Brokke-Suleskard er i første rekke for turistane som ferdast på vegen, og spørsmålet er kva bilturisten etterspør av opplevingar og attraksjonar. Håhellerområdet er eit viktig trekkområde for villrein og rapporten analyserer kor sårbar villreinen her er i høve ferdsel og lokalisering av ferdsel. I Ritlandskrateret valde vi å gjere ei grunnleggande landskapsanalyse for å synleggjere opplevingskvalitetane, naturverdiane og også kor sårbarhet området er, som kunnskapsgrunnlag for råd om informasjon og tilrettelegging.

Arbeidet med besøksstrategiar inneber altså eit utvida ansvar for forvaltninga og for andre aktørar som må inkluderast i arbeidet. I tillegg til å ha omsorg for naturen skal ein også ha omsorg for dei besøkande. Forvaltninga får eit medansvar som vertskap, og for å redusere terskelen for besøk skal ein legge til rette slik at de besøkande kjenner seg velkomne – i dei områda der ein vil stimulere til meir besøk. Det er viktig at vertskapsaktørane står fram som samordna og tydelege. Dette kan by på utfordringar når det gjeld eksisterande eksponering og infrastruktur, t.d. i høve til korleis området vert marknadsført og kvaliteten på eksisterande merking, tilrettelegging etc. Ein skal fokusere på dei kvalitetane som naturen byr på og som også inviterer de besøkande til å ta del i vernearbeidet. På Håhelleren vil det t.d. vere viktig å informere om kvifor det er restriksjonar på stopp og parkering på andre strekningar langs vegen, og på ein slik måte at dei besøkande kjenner at dei tek del i vernet. Ritlandskrateret er der pga. ei storlagen naturhistorie med meteornedslag for 500 millionar år siden, men denne dramatikken kan ikkje lett lesast ut av landskapet, den må forteljast.

Vegard Gundersen, NINA Lillehammer, Fakkelgården, 2624 Lillehammer, vegard.gundersen@nina.no
Odd Inge Vistad, same adresse, odd.inge.vistad@nina.no

Abstract

Gundersen, V. and Vistad, O.I. 2016. Visitor strategy for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane and Frafjordheiane (SVR). Kjerag, Mån and Månafossen, Håhelleren, and Ritlandskrateret. NINA Report 1221. 72 pp + attachment

In this report, we have analyzed four sites in the protection area called SVR, namely Kjerag, Månafossen / the farm Mån, Håhelleren and the Ritland crater. The first three sites mentioned are indisputable tourist visitor attractions, including a significant number of visitors and a need for clear visitor interpretation. The fourth attraction, the Ritland crater, is today a less known attraction and are used mostly by locals and visitors from the Stavanger-region, and have other challenges than the three other sites, including a need for new infrastructure and development new facilities. However, all four sites have good availability and you can get information on different websites, e.g. all four are mentioned as walking trips at www.ut.no, where even maps, photos, hiking loops and practical information are included.

Knowledge about today's visitors/users are of crucial importance for tomorrows planning and management, including knowledge about user patterns, activities and spectrum of users. Visitor strategies are based on knowledge for visitor satisfaction, as well as needed knowledge to protect nature and cultural history. Some up-dated knowledge about visitors are presented for each of the four sites (especially concerning visitor numbers), but generally, use and user knowledge is limited. The knowledge about use and users of the Ritland crater is especially limited.

We aim for different analyses adapted to each site. Kjerag and Mån / Månafossen are currently primary attractions with high visitor numbers, and we focus on how to improve the visitor experiences through recreational infrastructure, facilities and information. The area of Håhelleren, including the main road Brokke-Suleskard passing by, is mainly a site for motor tourist and we analyses what kind of experiences and attractions they probably demand. At same time, the Håheller area constitutes an important migration corridor and foraging area for wild reindeer and we analyses vulnerability for the reindeer given further development in this area. For the Ritland crater, we chose to implement a basic landscape analysis to demonstrate landscape qualities, natural values and also the vulnerability of the area as a knowledge base for further development of a tourist destination in the area.

Visitor plans and strategies for protected areas imply a new and expanded responsibility for Norwegian management authorities, and for private and official actors that must be included in the work. In addition to caring for nature, the manager/stakeholders should also take care of the visitors. Management actors will share responsibility as hosts, and the visitors should at every stage, feel welcome when behaving in accordance with the strategy. It is important that all the host actors emerge as coordinated and with consistency. This may challenge the present character of the destination and infrastructure, for example in relation to existing branding, marketing, signs, information, and facilities. It will be important to focus on the opportunities that the landscape and nature qualities offer and to engage the visitors to take care of the environment. In the Håheller area it will be important to inform about why there are restrictions on stopping and parking elsewhere along the roadside, and in such a way that the visitor understand why this is important and thereby take part in the conservation strategy of the area. For the Ritland crater there is a magnificent history of meteor impacts 500 million years ago, but this drama cannot easily be read directly out of the landscape, it must be told.

Vegard Gundersen, NINA Lillehammer, Fakkelgården, NO-2624 Lillehammer, vegard.gundersen@nina.no
Odd Inge Vistad, same address, odd.inge.vistad@nina.no

Innhald

Samandrag	3
Abstract	4
Innhald	5
Forord	7
1 Innleiing	8
2 Metode	10
3 Kjerag	12
3.1 Kva skal ein rekne som «rammene» rundt Kjerag?	12
3.2 Kommunikasjon; korleis kome seg til Kjerag?	13
3.3 Verneinteresser, ferdsel og utvikling. Om utfordringar, kunnskapsgrunnlag og kunnskapsbehov.	13
3.4 Bruk og brukarar – i dag og framover?	15
3.5 Informasjonsbehov – om kva, i kva form, til kven og kvar?	16
3.6 Behov for tilrettelegging / tiltak – som service, tryggleik og/eller som ressursforvaltning?	19
4 Månafossen og Friluftsgarden Mån	21
4.1 Kva skal ein rekne som attraksjonen og turmålet Månafossen/Mån?	22
4.2 Kommunikasjon; korleis kome seg til Månafossen/Mån?	22
4.3 Verneinteresser, ferdsel og utvikling. Om utfordringar, kunnskapsgrunnlag og kunnskapsbehov.	22
4.4 Bruk og brukarar – i dag og framover?	23
4.5 Informasjonsbehov – om kva, i kva form, til kven og kvar?	24
4.6 Behov for tilrettelegging / tiltak – som service og/eller som ressursforvaltning?	25
5 Håhelleren	26
5.1 Om Suleskardvegen	26
5.2 Kva skal ein rekne som rammene rundt Håhelleren?	26
5.3 Kunnskapsgrunnlag – Kunnskapsbehov?	27
5.3.1 Kunnskapsgrunnlag, Villrein	27
5.3.2 Konklusjon villrein og bruk av Håhellerområdet	30
5.3.3 Kunnskapsgrunnlag, Bruk av Håhellerområdet	31
5.3.4 Utfordringar – balansere bruk-vern og kanalisering som et mantra?	35
5.4 Bruk og brukere – i dag og framover?	37
5.4.1 Kunnskap om de besøkende til regionen	37
5.5 Informasjonsbehov – i hvilken form?	37
5.5.1 Rasteplassen – konkret nivå	37
5.5.2 Informasjonskanaler – overordnet nivå	38
5.6 Behov for tilrettelegging / tiltak – som service og som ressursforvaltning?	38
6 Ritlandskrateret	41
6.1 Innledning	41
6.2 Metode	42
6.3 Historikk rundt meteorkrateret	43
6.4 Landskapsanalysen	43
6.4.1 Fysisk dimensjon	43
6.4.1.1 Landskapsform og geologi	43
6.4.1.2 Naturgrunnlaget	45

6.4.1.3	Naturverdier	47
6.4.1.4	Kulturminner.....	49
6.4.1.5	Endringsprosesser – påvirkning	49
6.4.1.6	Innførte elementer.....	51
6.4.2	Den sosiale dimensjon.....	51
6.4.3	Forvaltningsdimensjon.....	52
6.5	Plan for tilrettelegging og informasjon	56
6.5.1	Kommunikasjon: Hvordan komme seg til Ritlandskrateret?.....	57
6.5.2	Bruk og brukere – i dag og fremover?	57
6.5.3	Eksisterende informasjon og innfallsport.....	57
6.5.4	Informasjons- og tilretteleggingsforslag.....	62
6.5.4.1	Overordnet nivå	62
6.5.4.2	Detaljnivå	63
6.5.4.3	Informasjonsplan.....	65
7	Kort diskusjon og oppsummering.....	66
7.1	Hovedelementene i besøksstrategien	66
7.2	Kommunikasjon med de besøkende	67
7.3	Fysisk tilrettelegging	68
7.4	Kunnskapsbehov – om bruk og oppfølging av tiltak	69
7.5	Etterord	70
8	Litteratur	71
	Vedlegg.....	73

Forord

I utlysinga av dette prosjektet heitte det: «Det skal utarbeidast ein informasjonsplan for innfallsportane i SVR. Aktuelle innfallsportar til verneområda må identifiserast, eksisterande tilbod og kommunale planar for områda kartleggast og plan for informasjon og tilrettelegging utarbeidast.»

Her presenterer vi eit svar på oppdraget som omfattar fire innfallsportar/attraksjonspunkt. Det er dei forvaltningsansvarlege for SVR som har peika ut desse fire. Prosjektet har blitt gjennomført i to bolkar, fyrst og fremst fordi SVR ikkje hadde tilstrekkeleg finansiering i fyrste omgang (fyrste halvår 2015). Gjennom ei ekstraløyving for andre halvår vart arbeidet utvida med Ritlandskrateret; eit «nyoppdaga» naturfenomen mm, og ein attraksjon i Hjelmeland kommune. Det meste av arbeidet har vore gjort utan feltarbeid og ny datainnsamling. Arbeidet med Ritlandskrateret skilde seg ut ved at det vart lagt inn ein synfarings- og drøftingsdag på lokaliteten, saman med lokal-kjende og administrativt ansvarlege deltakarar både frå Hjelmeland kommune og SVR-staben.

Forfattarane har i stor grad delt lokalitetane og arbeidet mellom seg: Gundersen har arbeidd med Håhelleren og Ritlandskrateret, medan Vistad har hatt ansvaret for Kjerag og Mån/Månafossen. Difor er også rapporten tospråkleg. Vi ønskjer å takke Lars Rød-Eriksen for utarbeiding av fem kart for Ritlandskrateret.

Den overordna ambisjonen for oppdragsgjevar er å få på plass ein besøksstrategi for heile SVR. Denne rapporten er eit steg på vegen der nokre særleg viktige og/eller utfordrande attraksjonspunkt er lyft fram.

Februar 2016,

Odd Inge Vistad (prosjektleder)
Vegard Gundersen.

1 Innleiing

Vi har tolka mandatet slik at ein 'informasjonsplan' skal vere ganske likearta med det som Miljødirektoratet og Klima- og Miljødepartementet no omtalar som 'besøksforvaltning' eller 'besøksstrategi', og vi har fått tilslutnad frå oppdragsgjevar på den tolkinga. Vi nyttar difor i hovudsak ordet 'besøksstrategi' i rapporten, og ikkje 'informasjonsplan'. Den nasjonale ambisjonen er at alle norske nasjonalparker skal få på plass ei besøksforvaltning, som skal forankrast i ein overordna 'merkevarestrategi' for norske nasjonalparker (<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2015/April-2015/Ny-merkevare--og-kommunikasjonsstrategi-for-Norges-nasjonalparker/>). Eit nasjonalt pilotprosjekt i gang, der fire nasjonalparker (Rondane, Jotunheimen, Hallingskarvet og Varangerhalvøya) er valt ut i fyrste omgang. Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde har alt ein «fyrste generasjons» besøksstrategi på plass, for perioden 2013-2017 (Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2012), og forarbeidet med den planen går heilt attende til 2009.

Direktoratet har laga ei eiga prosess-skildring for besøksforvaltning i Noregs nasjonalparker, der ein besøksstrategi blir omtalt slik:

«En besøksstrategi er en plan for hvordan nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for parken. Besøksstrategien skal vise hvilke tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er nødvendige for å balansere verneverdier, besøkende og lokal verdiskaping i et verneområde, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle tre interesser.»

Det er dei same tre måla som gjeld for nemnde besøksstrategi for Jotunheimen: 1) betre opplevinga for dei besøkande, 2) auke verdiskapinga i lokalsamfunna rundt parken, og 3) gje bidrag til å ta betre vare på naturverdiene i verneområda og randsona.

I samband med dette arbeidet har Miljødirektoratet (2015a, b, c) i haust presentert tre nye handbøker: «Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder» (M-415), «Planlegging og gjennomføring av brukerundersøkelser i norske nasjonalparker og øvrige verneområder» (M-416), og «Innfallsporter. Informasjonspunkt, startpunkt og utkikkspunkt» (M-417). Og ei fjerde handbok på metode for å vurdere kor sårbare eventuelle besøkslokaltetar er, skal kome i 2016; den skal ta utgangspunkt i metodikk utarbeidd av NINA (Eide m.fl. 2015).

I denne rapporten er fire lokalitetar prioritert (Kjerag, Månafossen/garden Mån, Håhelleren og Ritlandskrateret). Utvalet er delvis styrt av ressursramma, men også fordi dei tre fyrste er udis-kutable attraksjonar, innfallsportar, knutepunkt, der det er dels veldig høge besøkstal og eit opplagt behov for å ha eit aktivt forhold til bruken og brukarane, t.d. i form av informasjon. Den fjerde attraksjonen, Ritlandskrateret, skil seg noko ut ved å vere mindre kjent (for folk flest/utanfor regionen) og mindre besøkt, og har andre utfordringar når det gjeld informasjon og tilrettelegging. Alle fire lokalitetane er tilgjengelege og informerte om på ulike nettsider, t.d. er dei alle nemnde som turmål på www.ut.no med kart, bilete, ruteforslag og nyttig praktisk informasjon.

I tillegg til behovet for informasjon er det aktuelt å vurdere tiltak for å yte vidare service/tryggleik til brukarane (ikkje minst for Ritlandskrateret), og eventuelt skjerme sårbare naturkvalitetar (der slike er dokumentert) t.d. gjennom å kanalisere bruken. Slik sett skal vi drøfte samspelet mellom bruk av informasjon og bruken av andre tiltak/tilrettelegging. Rapporten vil ikkje vurdere eventuelle næringspotensial som er knytt til desse lokalitetane, men det som blir presentert kan vere nyttig fagleg grunnlag for dei som ønskjer å utvikle ny næring. Vi vil også etterlyse eventuelt behov for ny kunnskap – sidan det behovet kan melde seg både i høve til å målrette informasjonsarbeidet i høve ulike brukargrupper, og i høve til å balansere bruk mot vern.

Vi forankrar arbeidet vårt i følgjande formulering i den nyleg godkjende forvaltningsplanen for SVR (2015), s. 61 (kap. 2.5.4 Tiltak): «Verneområdestyret ønskjer å utarbeide ein besøksstrategi for alle verneområda. Denne skal mellom anna innehalde ein plan for informasjon og tilretteleggingstiltak for alle viktige innfallsportar. I dette arbeidet vil ein legge vekt på tidlegare prosjekt i SVR og nasjonale prosjekt for besøksforvaltning og tilrettelegging.»

Det er ikkje innafor mandatet vårt å tenkje ny produktutvikling, men ved å bli konkret på brukar-grupper, attraksjon og aktivitet, betring av informasjonen og å drøfte tiltaksbehovet, så vil arbeidet vere relevant og nyttig for dei som vil arbeide med lokal produkt- og næringsutvikling.

Ambisjonen er at dette skal bli ein konkret og rådgjevande rapport om informasjon, informasjonsbehov, og lokale tiltak, så langt råd er for dei fire lokalitetane, og ut frå følgjande tematiske disposisjon:

- Drøfting av den enkelte lokaliteten og viktige kommunikasjonsforhold.
- Kva er dagens kunnskapsgrunnlag for arbeidet? Kva er kunnskapsbehovet for å konkretisere og få til eit godt målretta arbeid med informasjon og tiltak?
- På kvar av lokalitetane: Kva type bruk og brukarar er det i dag, kva/kven vil det sannsynlegvis vere (ev. vere ønskje om) framover?
- Kva slag informasjon ønskjer ein å gje, kva treng brukarane, og i kva form?
- Kva type tilrettelegging/tiltak er aktuelle, både som brukarservice og/eller som natur-/kulturverntiltak?

Reint overordna er det grunn til å spørje: Kva skal vere områdeforvaltninga sitt ansvar når det gjeld typen informasjon (innhald) for dei tre aktuelle lokalitetane? Poenget er at verneområdeforvaltninga ikkje er aleine om å ha eit ansvar eller interesser knytt til området eller til den enkelte lokaliteten. I dette tilfellet er t.d. Jæren Friluftsråd ein viktig part når det gjeld Mån/Månafossen, og Stavanger Turistforening i Kjerag-området. Dessutan kjem kommunane, private interesser mfl. Verneområdeforvaltarane i SVR melder at deira overordna ansvar bør gjelde informasjon om:

- At det er eit verneområde
- Sentrale verneverdiar i området
- Råd om rett åtfærd (i høve til verneverdiane)
- Viktige vernereglar
- Kor ein kan finne meir detaljert informasjon.

Ein besøksstrategi rettar seg nok i fyrste rekkje mot dei som er uerfarne i høve til SVR, og særleg fyrstegongs-brukarar. Då er det viktig å peike på at det er mange eksisterande brukarar som ikkje høyrer til denne målgruppa, som t.d. erfarne brukarar, grunneigarar og andre med spesielle bruksrettar eller interesser i området, men som må ha eit ord med i laget og arbeidet. Desse interessentane bør bli involverte i arbeidet med den endelege utforminga av ein besøksstrategi. Ein ny besøksstrategi må innpasse lokale særpreg både når det gjeld naturkvalitetar, kulturhistorie, og eksisterande bruk. Strategien skal ikkje byggje unødige konflikhtar, men må likevel våge å reise utfordrande tema, i balansen mellom bruk og vern, og mellom ulike former for bruk.

Denne rapporten er difor berre eit innspel i eit større arbeid for å få på plass ein endeleg Besøksstrategi i SVR, der mange interessentar må få eit ord med i laget. Vi drøftar ein del utfordringar nærare i sluttkapitlet, og særleg forholdet til det nye merkevarearbeidet for Noregs nasjonalparker.


2 Metode

Det er ikkje gjort ny og tilpassa datainnsamling som grunnlag for dette arbeidet - korkje brukarundersøkingar, marknadsvurdering, eller natur-/kulturressurskartlegging. Vi har nytta eksisterande kunnskap og litteratur, innspel frå dei tre forvaltarane i SVR, samt søk på internett. Med unntak for Ritlandskrateret så har det ikkje vore høve til synfaring av lokalitetane, grunna årstid og knappe økonomiske rammer. Her skil likevel lokaliteten Håhelleren seg ut, fordi det alt er gjort mykje nyttig datainnsamling i dette området knytt til utfordringane ved å skulle balansere villreininteressene og ferdsel i Setesdal vesthei. I kapittel 6 om Ritlandskrateret har vi laga eit eige metodeavsnitt (kap 6.2), sidan det der var behov og høve til å gå noko grundigare inn eksisterande databasar. Der var det også særleg viktig å vurdere dei lokale forholda nærare, for å kunna gje konkrete og realistiske råd om tiltak og utvikling.

Vi har søkt etter eventuelle planar/dokument som omhandlar dei tre fyrste besøkslokalitetane hos dei fire (mest) aktuelle kommunane Forsand, Gjesdal, Sirdal og Valle. Dette gav lite, men kommunane sine uttaler til det nye forvaltningsplanutkastet, saman med andre partsuttaler gav ein del nyttig informasjon. Vi har dessutan hatt direkte munnleg kontakt med Jæren Friluftsråd når det gjeld Månafossen/Mån, og Stavanger Turistforening når det gjeld Kjerag. Og Hjelmeland vart som sagt besøkt (samtaler, synfaring mm) i samband med dette arbeidet.

Dessutan har vi trekt inn ein del tilrådingar og føringar som er lagt i arbeidet med ny Merkestrategi for Noregs nasjonalparker (Snøhetta 2015a, b og c; samt <http://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>) som vart lagt fram i april 2015, og samtaler med ein representant for Miljødirektoratet om strategien.

Med innfallsportar til SVR meiner vi lokalitetar som ligg rett utanfor eller nær grensa for verneområdet (Figur 2.1). Det er en rekke innfallsporter til SVR og de tre lokalitetene som er omtalt i dette dokumentet er knyttet opp mot store attraksjoner og blant de mest besøkte av turister. De ulike innfallsportene trekker forskjellige besøkende, og kunnskap om de besøkende er avgjørende for å forvalte de besøkende og vernet på en god måte. Det merkede stinettet i SVR inkludert tu-risthyttene, utgjør den viktigste infrastrukturen for bruksintensitet inne i verneområdet.



Figur 2.1. Prinsskisse av nasjonalpark med hovudinnfallsportar og hovudstisystem.

På eit overordna plan (dvs. litteratur som omtalar (delar av) SVR og slik sett potensielt dei aktuelle lokalitetane) så har vi vurdert og delvis henta informasjon og kunnskap frå (kronologisk oppført):

- Ryfylke. Folk og natur. Dreyer forlag 1978/1998
- Boka om Heiene. Vest-Telemark-Setesdal-Ryfylke. Kultur og tradisjoner. Grøndahl 1982.
- Ryfylke- og Setesdalsheiene. Fjell og Vidde Årbok 1992
- Frafjordheiene. Nasjonalpark i Rogaland. Stavanger Turistforening 1987
- Kom deg ut! Friluftsrådene i Rogaland og Sunnhordaland (udatert).
- Forslag til verneplan for Frafjordheiane. Fylkesmannen i Rogaland 2001
- Frafjordheiane landskapsvernområde. Forvaltningsplan. Fylkesmannen 2007.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjord-heiane. Høringsutkast. Verneområdestyret for SVR 2015.

Det er altså ei rekkje interessantar, informantar og aktørar som kunne vore trekt inn i kunnskapsgrunnlaget for rapporten, men det ville sprengt ramma for prosjektet. Desse bør som sagt involverast i utviklinga av den endelege besøksstrategien for SVR.

3 Kjerag

Kjerag ligg innafør Frafjordheiane landskapsvernområde (FL). På heimesidene til SVR er det ikkje lagt ut fagrapportar eller tiltaksplanar som omfattar Kjerag. Det faglege grunnlaget, i høve til Kjerag og verneområdet FL, hentar vi delvis frå fleire «prakt-bøker», årbøker, årsmeldingar, tidlegare forslag til verneplan for Frafjordheiane og den tidlegare forvaltningsplanen for Frafjordheiane landskapsvernområde, og sjølv sagt i utkastet til ny forvaltningsplan for SVR. Mykje har kome opp ved nettsøk, og noko har vi tilfeldigvis kome over. Eit Google-søk på ordet 'Kjerag' gav 382.000 tilslag i mars 2015, 400.000 i mai 2015 og 421.000 i slutten februar 2016.

I løpet av eit par ti-år har Kjerag blitt eit velkjent fjellplatå på sørsida og inst i Lysefjorden der kanten stupar 1000 meter loddrett i fjorden. 'Ut.no' kallar Kjerag for «majesteteten i Lysefjorden», og blir rimeleg nok samanlikna med Preikestolen (som i denne samanheng blir omtalt som «liten»). Preikestolen er det fottur-målet i Noreg som har størst attraksjonskraft – både innanlands og internasjonalt – og er mest besøk. Det er få norske turmål og turruter som har presise teljingar, og avisa Romsdalen Budstikke («*Forvirring om fjelltopper*», 28.10.2015) har ei nyttig oppsummering, både av teljemetodar og besøkstal for våre mest populære og storslagne turar og turmål. I høve dette oppslaget er Preikestolen den klart mest besøkte, rekna til 270.000 i 2015, og Kjerag er nemnt som nummer tre (etter Gaustatoppen) med omlag 55.000 besøkande. Tala for både Kjerag og Preikestolen er basert på teljing av parkeringsbilletter og bussbilletter, kopla med erfaringstal på kor mange som er i ein «gjennomsnittsbil». I ettertid er tala justert noko ned (Henriksen, STF, pers. med.). Det som uansett særpregar Kjerag er den store årlege besøksveksten.

Når ein skal drøfte framtid, behov og potensial for Kjerag så vil Preikestolen vere den mest nærliggande referansen – både fysisk og mentalt. Men Preikestolen er ein meir «ryddig» attraksjon og eit eintydig turmål; ei majestetisk fjellhulle (25 x 25 meter) som er ganske «lett» tilgjengeleg til fots, langs ein godt opparbeidd sti frå Preikestolen Fjellstue. Stien blir stadig rusta opp og delvis med trappetrinn i stein. Den knappe 4 km lange turen tek 2 til 3 timar (ein veg) og er rekna som middels krevjande, med ein samla høgdeforskjell på 330 meter. Preikestolen Fjellstue er greitt tilgjengeleg med bil eller buss, frå Tau eller Oanes.

3.1 Kva skal ein rekne som «rammene» rundt Kjerag?

Det er ei utfordring å «ramme inn» Kjerag i denne samanheng, m.a. fordi Kjerag som besøksmål er så integrert i Lysefjorden som attraksjon og besøksmål, og faktisk endå vidare enn det; dei siste åra har Kjerag og Trolltunga i Hardanger blitt både «konkurrentar» om å auke besøksstalet mest og samstundes vere to av tre hovudattraksjonar blant spektakulære fjellformasjonar i sør-vest Noreg. Den tredje er sjølv sagt Preikestolen.¹ Det gjev lite meining å arbeide med ein besøksstrategi for Kjerag om vi ikkje set «majesteteten» inn i den større reisegeografiske samanhengen.

Det kjende og marknadsførte blikkfanget er Kjeragsbolten – den nesten eggeforma steinblokken som er fastkila mellom to bergsider – som «heng over Lysefjorden» og som gjerne er avbilda med ein person eller to oppå. På nettsida «11 fjellturar i Norge som du bør oppleve» (www.ut.no) er turen til Kjerag nemnt som nummer fire (etter Preikestolen, Besseggen og Gaustatoppen). Her er det biletet av Kjeragsbolten som illustrerer og endå til med ein kar som hoppar oppå bolten. På nettsida til Kjerag (ut.no) så er det tre bilete: i tillegg til Kjeragsbolten så er dei nakne og loddrette fjellsidene (Kjeragveggen) avbilda ovanfrå; veggen er eit blikkfang både frå toppen og frå fjorden. Det tredje og siste biletet viser tre personar som ligg på magen ser over kanten og ned i fjorden – slik ein også kan fremst på Preikestolen.

Fotturen mot Kjerag startar normalt (dvs. for dei fleste) frå Øygardstølen, der det er gode parkeringshøve, mot betaling. Fotturen går etterkvart oppå og eventuelt over Kjeragmassivet (eller Kjeragplatået) og vidare til varden på Nesatind. Då er det berre att 300 meter sørover til Kjeragsbolten. Ut.no reknar dette som ein krevjande fottur, som tek om lag 3 ½ time og er 4,8 km (ein veg). Det er mykje goldt berg, dels bratt og stor høgdeforskjell i løpet av turen (570 meter). Fotturen til Kjerag blir omtalt

¹ Jfr oppslaget på NRK Hordaland 1/7-2015: «I ekspressfart mellom Trolltunga og Preikestolen»

litt ulikt, frå «beinhard og tøff» til «krevjande». Det er også råd å kome til fots til Kjeragplatået frå Fløyrlø (nede ved Lysefjorden) og til fots eller på ski frå Langavatn turisthytte.

Ein arbeider fortida med å ruste opp stien frå Øygardstølen til Kjerag. Det skjer i regi av Stavanger Turistforening, og i følgje Per Henriksen (i STF, pers. medd.) var fyrste innsats hausten 2014 (etter sesongavslutning). Ein fortsette arbeidet litt etter sesongen 2015, men manglar så langt finansiering til å fullføre arbeidet. Også her er det snakk om å nytte Sherpa-kompetansen til å steinsetje delar av turruta.

3.2 Kommunikasjon; korleis kome seg til Kjerag?

Det er mange nettsider som gjev informasjon om korleis ein kjem til Lysebotn, Øygardstølen og Kjerag, men ikkje alle er daterte eller oppdaterte, og kan difor vere villeiande. Ei av dei aktuelle sidene som gjev brei presentasjon av reisemåtar, overnatting mm er denne: <https://lysefjordhikes.dnt.no/transportation/>.

For å kome seg til Øygardstølen (som også er kalla Kjerag Restaurant eller Øygardsstøl Fjellrestaurant, eller Ørnereiret), så vil dei fleste kome med bil/MC/sykkel, men det går også sommarbuss mellom Stavanger og Sirdal, med avstikkar til Øygardstølen og Lysebotn (Sirdalsruta), samt eigen ekspressbuss frå Stavanger til Øygardstølen – tilpassa fotturen til Kjerag – og med retur seint ettermiddag (Tide Reiser, juni til august). Det går hurtigbåt og ferje til Lysebotn.

Det kom veg forbi Øygardstølen i 1984, då det vart opna veg mellom Sirdalen og Lysebotn. I 1990 vart Suleskarvegen (mellom Brokke i Setesdal og indre Sirdal) opna og vegen til Lysebotn er ein «blindveg» på denne. Desse vegane er berre sommaropne. På nettsida www.suleskarvegen.no, kunne ein tidlegare laste ned ein informasjonsbrosjyre om vegen (og der var Kjeragsbolten gjort til sjølv blikkfanget for Suleskardvegen). Denne nettsida er seinare fornya og gjev no lite praktisk eller historisk informasjon om sjølv Suleskardvegen, men derimot oppslag om attraksjonar i heile indre Telemark, indre Agder og vestover til Forsand og Gjesdal. Det nyttigaste ved sida er kanskje kontakinformasjonen til seks turistkontor/kommunar langs ruta – frå Tokke til Gjesdal – og at all tekst er på både norsk, tysk og engelsk. Kanskje ein har valt denne knappe stilen for å unngå stadig behov for oppdatering? T.d. har det vore periodar med fast bussrute (Suleskardekspressen) mellom Dalen i Telemark og Stavanger. Siste forsøk var i 2012 og 2013. No er ruta igjen nedlagt.

3.3 Verneinteresser, ferdsel og utvikling. Om utfordringar, kunnskapsgrunnlag og kunnskapsbehov.

For å vurdere den breie kunnskapstilstanden, og forholdet mellom verneverdiar og trugsmål, så tek vi utgangspunkt i Forvaltningsplan for SVR (2015), underkapittel 3.6 Frafjordheiane landskapsvernområde. I tillegg til dei overordna verneformåla («å ta vare på...»), så heiter det at «*Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging*».

Frafjordheiane er rekna å ha mange verneverdiar av nasjonal interesse, særleg knytt til dei store landskapsformene (t.d. Lysefjorden) og kvartærgeologiske kvalitetar: «*Lysefjorden ... med nasjonal verneverdi ... med element som Kjeragveggen blir besøkt av fleire hundretusen turistar kvart år*» (s. 100 – uvisst kvar talfestinga kjem frå). Frafjordheiane har også botaniske (kulturprega vegetasjon) og zoologiske (rovfugl, potensielt villrein) kvalitetar, men desse har ein **uavklart kunnskapsstatus**.

Det ser ikkje ut til å vere særleg konflikt mellom verneinteresser og ferdsel på Kjerag. Stavanger Turistforening (1987: 98) nemner berre fem fuglearter (fjellrype, fjæreplytt, heipiplerke, steinskvett og snøspurv, «*alle nøysomme arter som ikke er så kresne i biotopvalg*») som regelmessig hekkande på Kjeragplatået. I forvaltningsplanen nemner ein også tårnfalk-hekking i fjellsida ned mot Lysefjorden, men at det er hekkesesongen som er kritisk (og då særleg i høve til fire dagar med helikoptertransport i samband med base-arrangement Kjerag Boogie i juni). Kjerag er del av det nasjonale villreinområdet «Setesdal Ryfylke». Omsynet til villreinen ved Kjerag er truleg mest knytt til eventuell uroing vinterstid ved ferdsel sørfrå langs kvista løype mellom Sandvatn og Langavatn (der det er turisthytte). Dei siste 20 åra har villreinen brukt Frafjordheiane lite – i følgje forvaltningsplanen – men bruken kan ta seg

opp att. Denne utfordringa blir diskutert i forvaltningsplanen, men utan å konkludere. Ein vil fylgje korleis reinstamma brukar arealet og vurdere tiltak (flytte hytta ved Langavatn?) om ein ser det som naudsynt. Sjå også vurderingane nedanfor, om tryggleik og eventuelle tiltak pga. den auka ferdselen til Kjerag.



Figur 3.1. Ved Øygardstølen er det sett opp ei såkalla SVR-søyle med informasjon om heile verneområdet. På bildet: tilsvarande søyle frå Vormedalsheia (foto: Alf Odden).

Den gamle Forvaltningsplanen for Frøfjordheiane (Fylkesmannen i Rogaland 2007) slår fast «**slitasje** på sti til Kjerag»; det er sannsynleg at dette meir må reknast som ei praktisk-estetisk utfordring enn ei konflikt mellom ferdsel og verneverdiar. Den nye forvaltningsplanen slår då også fast at «*Kjerag-platået består i hovudsak av bart fjell, og både planteliv og fugleliv er sterkt avgrensa*» (s. 106).

Så vidt vi veit er det gjort lite direkte kartlegging av **bruken og brukarane** av Kjerag. I tillegg til dei indirekte teljingane som er nemnt før, så vart det gjort ei lita undersøking blant Kjerag-turistar sein-sommaren 2014 (Apon 2014). Rapport var tinga av Lysefjorden Utvikling AS og omfattar intervju med 397 fotturistar som gjekk turen frå Øygardstølen til Kjeragbolten, i perioden 24. august til 7. september. Dei fylte ut eit tosidig spørjeskjema etter fullført tur. Utgangspunktet for rapporten var å vurdere potensialet for reiselivsutvikling og behovet for tilrettelegging. Trass i dei knappe rammene for rapporten (to vekers datainnsamling, ved Øygardstølen, Figur 2) så gjev den mykje interessant informasjon og diskusjon.

Det er også gjort ei hovudoppgåve i kulturstudiar ved Høgskolen i Telemark, om framveksten av og særpreget ved basehopping, som delvis er bygd på informantar frå Kjerag (Mæland 2002). Også erfarne klatrarar brukar Kjeragveggen (sjå nedanfor).

Det er verdt å spørje: Kva er «høg opplevingskvalitet» og tryggleik for dei ulike brukarane/brukargruppene? Dette er i liten grad undersøkt og dokumentert, men det er sannsynleg at det å kome til / oppå Kjeragbolten og det å oppleve den spektakulær utsikten frå plataet står heilt sentralt for **majoriteten** av dagens brukarar. Ein bør likevel spørje: Kva konsekvensar har den kraftige besøksauken til Kjerag? Er det fare for interessekonflikt mellom ulike brukargrupper eller glir desse godt i hop? Trengs det ekstra tiltak frå forvaltninga for å møte den kraftige besøksauken, av omsyn til tryggleik og oppleving for brukarane eller av omsyn til naturen? Korleis opplever basehoppingar og klatrarar at besøks-tala aukar så kraftig? For dei fleste som går frå Øygardstølen til Kjerag er truleg ikkje sjølve fotturen og turopplevinga det sentrale, men meir det storslagne, dramatiske og ekstreme ved bolten og Kjeragveggen. Det er like fullt viktig at dei som legg ut på turen er klar over utfordringane og risikoen ved sjølve fotturen.

Og reint generelt så er det viktig med dokumentert kunnskap om dagens bruk og spekteret av brukarar – både dei lokale, regionale og dei tilreisande. Dette er ein viktig basiskunnskap for å utvikle ein besøksstrategi, saman med kunnskap om verneverdiar knytt til natur og brukshistorie. Alle dei fire pilotområda som skal få på plass ein besøksstrategi (sjå innleiinga) har enten fått gjennomført nye brukarundersøkingar, eller har eit godt kunnskapsgrunnlag frå ganske nye undersøkingar.

3.4 Bruk og brukarar – i dag og framover?

Største bruken er sannsynlegvis knytt **bilturisme** til og frå Lysebotn, og då forbi Øygardstølen. Denne turismen kan ha utgangspunkt i Suleskarvegen (enten frå Austlandet/Telemark/Setesdal/Sørlandet, eller frå Sørlandet/Sirdalen, eller frå Vestlandet/Stavanger). Noko av denne turismen er knytt til **båttransport** til/frå Lysebotn, enten hurtigbåt eller bilferje frå/til Stavanger/Lauvvik. Som sagt er det også **bussturisme** mellom Sirdal og Stavanger, med innlagt stopp på Øygardstølen, og frå 2015 også ein eigen Kjerag-ekspressbuss frå Stavanger. Kanskje kjem også Suleskardekspressen i gang att? På fleire nettsider ser ein at Suleskardvegen er rekna som svært attraktiv for **motorsykkelturar** (t.d. i VG 2007), men då er det meir sjølve Suleskardvegen/vegen til Lysebotn som er sjølve kvaliteten.

Ein del vegfarande **stoppar på Øygardstølen og tek korte turar til fots** i nærmiljøet rundt Øygardstølen (såkalla «carwalks»). Stadig fleire har førehandskjennskap til Kjerag og går **den lengre fotturen frå Øygardstølen til Kjeragplataet/-bolten**. Dette må reknast som **det viktigaste turproduktet i dag og i framtid – den turen der ein både kan planlegge for opplevingskvalitet, for større volum, for personleg tryggleik og med relativt liten risiko for å utfordre verneverdiane**. Det var primært denne gruppa brukarar som vart intervjuva seinsommaren 2014 (Apon 2014). Stavanger Turistforening (2013) «anslår» at 30-40.000 personar gjekk til Kjerag frå Øygardstølen i 2013 (uvisst på kva talgrunnlag). Sommaren 2015 rekna ein seg fram til at om lag 45.000 tok fotturen til Kjerag (Per Henriksen, STF, pers. medd.).

Ein kan også nå Kjerag ved å gå dei 4444 trappetrinna **frå Flørli** ved Lysefjorden, vidare forbi Flørli-vatnet og så mot Kjerag. Eller ein kan gå **rutenettet** til Stavanger Turistforening i Frafjordheiane, via turisthytta Langavatn. Det er også råd å gå rundt heile Lysefjorden. Alt dette og meir til er lansert på nettsida som presenterer dei mange attraksjonar og turalternativ rundt Lysefjorden – på engelsk (<https://lysefjordhikes.dnt.no/>). Her reklamerer ein også for turistbuss-alternativ i juli-august med Tide Reiser: Turbuss Stavanger – Kjerag, og Trolltunga – Preikestolenekspressen.

Dei mest «spektakulære» og spesialiserte brukarane er **fjellklatrarar og base-hoppingar**. Det fyrste basehoppet vart gjennomført i 1994 (Mæland 2002). Landingsplassen er fyrst og fremst Geitaneset nede ved fjorden. Mæland (2002) gjev ein god oversikt om basehoppinga frå starten og fram til 2001, om attraksjonen og om ulykker og tryggingarbeid, om dei seriøse og dei useriøse. «*De kommer frå hele verden*» (s. 42).

Når det gjeld klatring siterer vi nettsida til Ryfylke friluftsråd (<http://www.ryfri.no/kart/forsand/kjerag>), og nettsida til Bratte Rogalands Venner (www.br.v.no). «Det fins over 20 klatreruter på Kjerag fra grad 5+ til 9-/A4. Kjerag er kun for erfarne klatrere. Føreren (guideboken) "Klatring i Rogaland" fra 2002 anbefales, men er utsolgt fra forlaget.» BRV omtalar Kjerag som «Rogalands fremste storvegg». Den vart klatra fyrste gong i 1985 og det trengs båttransport til innsteget.

Det mest sikre er at framtidsvolumet vil ligge i ruta Øygardstølen – Kjerag, og sannsynlegvis med ein stor del uerfarne turgåarar.

3.5 Informasjonsbehov – om kva, i kva form, til kven og kvar?

Som nemnt om Kjerag innleiingsvis så er det eit mylder av tilslag på nettet når ein søker opp 'Kjerag'. Det finst mange nettsider som er meint å informere og hjelpe (transport, overnatting, attraksjon, turar, aktivitetar), men vi tvilar på om informasjonstilbodet er «godt nok», særleg når det gjeld offentleg transport og kanskje også andre service-tilbod i Lysefjord/Frafjordhei-området.

Som Apon (2014) skriv så bør vidare satsing og utvikling på «produktet Kjerag» baserast på kunnskap om turismen/bruken/brukarane i området i dag. Han har som sagt gjort ein liten studie (som han tilrår å utvide), og med ein del overraskande funn. Vi skal vere forsiktig med bastante konklusjonar basert på den avgrensa studien hans, men det er visse sam-variasjonar i materialet som er overraskande og utfordrande – t.d. for arbeidet med å betre informasjonen. Av dei nær 400 respondentane er **95 % utlendingar**, og likevel har 'venner og familie' vore den hyppigaste kjelda til informasjon (for 45 % av dei intervjuar). Google/internett og Reisebøker er dei to andre særleg viktige kjeldene. Tyskarar er den største nasjonsgruppa (29 %) og for desse er Venner/familie og Reisebøker særleg viktige informasjonskjelder (og i mindre grad internett). Eit anna viktig funn er at 3 av 5 utanlandske besøkande er i Noreg for fyrste gong. Altså: ein nøgd gjest til Kjerag ser ut til å vere den viktigaste kjelda til å få ein ny gjest – pr i dag.

Fire av 5 intervjuar var sjølvtransporterte til Øygardstølen (bil, bubil, motorsykel, sykkel ...). Dette er truleg grunnen til at ganske få etterspør betre (informasjon om) offentleg transport. Apon (op cit.) legg likevel inn ei lenger drøfting av betringsbehovet rundt offentleg transport (inkl påliteleg, oppdatert informasjon).

Fotturen til Kjerag er rekna som ganske krevjande, men 3 av 4 er veldig nøgde med turen. Likevel etterspør mange betre tiltak når det gjeld Stien (uttalt av 61 %), Skilting (52 %), Parkering (30 %) og Informasjon (20 %). Desse fire er særleg relevante tema i høve til «på-staden-innsats» når det gjeld å utvikle ein besøksstrategi, og få på plass viktige tiltak og betra informasjon – sjå under neste overskrift.

Ei utfordring er fylgjande observasjon som Apon gjorde: fleire av dei som gjekk innover mot Kjerag tok seg ikkje tid til å sjå på oppslagstavlene.

Stavanger Turistforeining (STF) har (tatt) eit særleg ansvar, både for informasjon (ved Øygardstølen) og for tilrettelegginga derifrå og ut mot Kjerag-plataået. Dette har samanheng med den historiske og dagsaktuelle posisjonen til STF i Frafjordheiane og ved Lysefjorden, med stiar og fleire hytter (Per Henriksen, STF, pers. medd.). Sjølv om STF (i dag) ikkje har hytter i Kjerag-området, så inngår stiane her i STF sitt nettverk. Dette er nok også mykje av bakgrunnen for den nye (2015) nettsida www.lysefjordhikes.dnt.no.

I dag er det ein ganske omfattande og ueinsarta informasjon ved Øygardstølen (Figur 3) som ber preg av at fleire partar ønskjer å formidle om ulike tema (verneområdet, turen til Kjerag, naudsynt anleggstrafikk forbi, Suleskardvegen, sau på beite mm), og påverke åtfærd blant gjestene (tryggleik på Kjeragturen, bandtvang, betale parkeringsavgift mm). Som også Henriksen i STF ytrar så må dette samordnast betre og det bør bli ei opprydding. Slik opprydding er også eit krav i høve den nye Merkestrategien for nasjonalparkar (Snøhetta 2015a). STF er også opptatt av kva skiltmal som skal nyttast; ikkje minst fordi DNT er medansvarleg for den nye Merkehandboka, saman med Friluftsrådene

Landsforbund og Innovasjon Norge (Den Norske Turistforening m.fl. 2013), og ser gjerne at denne blir gyldig også for Informasjonsskilt t.d. ved Øygardstølen, og generelt i deira ansvarsområde. Undertittelen på boka er «Håndbok for tilrettelegging, merking, skilting og gradering av turruter i fjellet, i skogen og langs kysten» og er meint å vere ein nasjonal norm. Den nye Merkestrategien for Noregs nasjonalparker vil stille krav om sams merking ved alle startpunkt, informasjonspunkt og utkikkspunkt for alle nasjonalparker med ein besøksstrategi (Snøhetta 2015a, b; <http://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>). Og i følgje hovudrapporten frå Snøhetta (2015a) bør dette kravet også omfatte andre typar verneområde, som t.d. landskapsvernområde med besøksstrategi. Miljødirektoratet (2015a) har seinare stadfest at slik besøksforvaltning kan omfatte også andre typar verneområde. Det er klargjort at rutemerkinga inne i dei aktuelle verneområda skal fylgje malen i den nemnde Merkehandboka og altså **ikkje** vere styrt av den nye designmalen for nasjonalparkane (sjå bloggen: <http://snohetta-works.no/miljodirektoratet/bloggdebatt-skilte-vi-riktig/>): «Når det gjelder stimerking så anser vi *Merkehandboka* som førende for stimerking i Norge. Vi ser det ikke som naturlig eller hensiktsmessig å utvikle et eget uttrykk bare for vernede områder.» SVR er ikkje ein nasjonalpark, men denne rapporten har ambisjon om å følgje dei besøksstrategiar som no blir utarbeidd for fleire nasjonalparker. Og lokalt/regionalt har ein også starta diskusjonen om SVR bør søkje å bli ein nasjonalpark. Men altså: den nye designmalen for nasjonalparker vil også vere gyldig og obligatorisk for innfallsportar, startpunkt og utsiktspunkt for andre verneområde, som t.d. for Frafjordheiane landskapsvernområde (Miljødirektoratet 2015c).

Miljødirektoratet (2015a: 6) poengterer at ei besøksforvaltning skal ha fokus på fellestiltak, ikkje bedriftsretta tiltak. Marknadsføring blir t.d. sett som eit ansvar for reiselivsnæringa. Men det er uskarpe grenser mellom å informere og det å marknadsføre; t.d. blir det nemnt at utarbeiding av brosjyrar kan vere samarbeidstiltak mellom forvaltninga og næringa. Rettleiaren (Miljødirektoratet 2015a:6) konkretiserer kva som opplagt skal vere forvaltninga sitt ansvar, i tillegg til det å utøve mynde: ansvaret for infrastrukturtiltak (som P-plassar, informasjonstavler og stimerking). Forholdet mellom tilrådingane i denne rapporten og føringane for den nasjonale Merkestrategien blir diskutert vidare i siste kapittel.

Arbeidet med lokal informasjon må samordnast mellom dei partane som har eit legitimt behov for å informere og marknadsføre seg. Vidare må arbeidet som sagt innrette seg nasjonale føringar i samband med den nye Merkestrategien og besøksforvaltninga for verneområde, men der er ikkje alle føringar på plass, t.d. om informasjonen på nettet. Snøhetta (2015a: 13) har foreslått ei eiga nettside, [Norgesnasjonalparker.no](http://norgesnasjonalparker.no), som «*bør tilrettelegge for at besøkende på nettsiden kan fullføre planleggingen av besøket ved å lenke vidare til tjenester som kan bistå med generell informasjon om transport, overnatting og andre tjenester relatert til besøket i nasjonalparken.*» Grunntanken for tilrådingane til Snøhetta er å leggje brukar- eller kundeperspektivet til grunn. Men så langt har ein altså ikkje kome i den sentrale planlegginga.

For vår del kan vi gjerne føreslå: Den dagen ein har ein samordna besøks-/informasjonsstrategi for SVR, så bør strategien få si eiga nettside – eller ein eigen portal på SVR si heimeside – der kvar prioritert og offisiell «innfallsport» (t.d. KJERAG/Øygardstølen) får sin underportal (sjå pkt 1 nedanfor). Ideelt sett bør denne nettportalen vere nivå 2, dvs. etter at brukaren har fått overordna informasjon på ei nasjonal nettside om besøk til norske verneområde/nasjonalparker (slik Snøhetta har føreslått).



Figur 3.2. Dagens hovudskilting ved Øygardstølen (om Kjerag og om Suleskardvegen). I tillegg kjem skilting sau på beite, bandtvang, om parkeringshøve/-pris, info frå Lyse Kraft om bygging av ny kraft-stasjon i Lysebotn mm. (foto: Per Henriksen).

Informasjonsforslag

Om ein ser informasjonen som lekk i ein besøksstrategi så bør den fange opp brukaren sitt behov for praktisk informasjon, i tillegg til den informasjonen SVR vil formidle om Kjerag og verneområdet, om ulike måtar å finne fram til og oppleve Kjerag, og om kva Kjerag kan «by på» av opplevingar og læring. Det er viktig at dei rettmessige aktørane, utover SVR, blir invitert med i prosessen med å påverke kva ein skal/må informere om.

Vi vil tilrå to prioriterte strategiar når det gjeld informasjon ved Kjerag:

1. **Brei og samordna informasjon på nettet.** Det er behov for god og kontinuerleg oppdatert informasjon på nettet – som er både er brei (retta mot spekteret av brukargrupper og behov) og påliteleg (dvs. oppdatert). I tillegg til informasjon ala det som står ved Øygardstølen, så må den rette seg mot breidda av måtar å oppleve og bruke Kjerag, og ikkje minst: Korleis ein kjem seg til den viktigaste innfallsporten, Øygardstølen, men då gjerne ved å legge inn lenker til dei viktige nettsidene som uansett skal gje slik informasjon.
2. **God på-staden-informasjon ved Øygardstølen retta mot den prioriterte brukargruppa: Dei som vil gå utover til Bolten og Veggen.** Norsk, tysk og engelsk tekst. Rettleiar M-417 «Innfallsporter» (Miljødirektoratet 2015a) legg føringar om kvalitet og utforming, og gjev ulike råd for arbeidet med innfallsporar.
 - a. Ein må særleg gje naudsynt og realistisk informasjon **om fotturen utover til Kjerag/Kjeragbolten/Kjeragveggen**. Mange av gjestene er her for fyrste gong. Folk må bli i stand til å vurdere om dette er fotturen for dei, om dei har rett utstyr, om dei er i god nok form, om utfordringar i skodde/uver mm.
 - b. Gje kort informasjon om området og vernekvalitetar
 - c. Informasjonen bør ikkje overfokusere på det spektakulære ved Kjeragbolten og Kjeragveggen, men på ruta utover, stikvalitet og tilrettelegging elles, på trygg åtfærd, at rekkverk manglar mot stupet, eige ansvar osb.
 - d. Oppslagstavlar må gjerne kombinerast med såkalla 'turkort' – eit lite kort (A5 eller mindre, tre språkalternativ) som ein tek med seg, med kart og naudsynt informasjon; jfr. turskiltprosjektet til Gjensidigestiftelsen (<http://www.turskiltprosjektet.no/>). Ein mobil tur-app (trenger ikkje dekning) kan kanskje vere eit alternativ/supplement?

- e. Kanskje er ei interaktiv tavle ala den ved Håhelleren eit godt val/ei god supplering. Det opnar for langt breiare informasjonspotensial.
- f. **Dei som skal på lengre tur i Frafjordheiane, drive med fjellklatring eller basehopping er sannsynlegvis godt informerte og budde på turen/aktiviteten, og har difor mindre behov for detaljert lokal-informasjon.**
- g. Det er viktig å avgrense tekst- og informasjonsmengda på tavlene (Vorkinn 2011)

I tillegg vil det vere behov for enklare informasjon t.d. ved Fløyrlø, på/ved turisthyttene i Frafjordheiane, kanskje fleire stader i Lysebotn, og mogleg i fleire strategiske punkt i/rundt Frafjordheiane landskapsvernområde. Her har alt STF laga utkast til informasjonstavler (t.d. ved Fløyrlø); det er viktig at SVR blir med og påverkar utforming og innhald på desse.

3.6 Behov for tilrettelegging / tiltak – som service, tryggleik og/eller som ressursforvaltning?

Slik vi tolkar forvaltningsplanen for Frafjordheiane landskapsvernområde, så er det liten konflikt mellom bruk og verneinteresser ved og rundt Kjerag. Men dette er altså innafor eit av dei nasjonale villreinområda, sjølv om reinen ikkje har vore i Kjerag-området dei siste åra. Omsynet til hekkande rovfugl i fjellveggen er også nemnt (NB: hekketida i høve til helikoptertrafikk). Vi har stilt spørsmålet om helikoptertrafikk kanskje er ei større utfordring sosialt enn økologisk, altså at motorstøy kan utløse negative reaksjonar frå andre brukargrupper, men sidan det er så få dagar med helikopter er truleg ikkje dette eit opplevingsproblem for særleg mange. Ei erfaringsvurdering er likevel denne: Utlendingar (og særleg tyskarar) er ei dominerande brukargruppe av Kjerag; i fleire norske nasjonalparkundersøkingar har tyskarar (og nederlendarar) vist seg som særleg «puristiske» og verdset det er lite teknisk påverknad og ro i naturen (sjå t.d. Vistad et al. 2014; Vistad & Vorkinn 2012). Men dette må eventuelt undersøkjast; kanskje trekkjer Kjerag til seg andre typar utanlandske turistar?

Bakgrunnen for eventuelle nye tiltak er meir eit behov for hjelp, tryggleik, erosjonsdemping, styrking av underlaget og estetikk knytt til turen og turruta ut til og på Kjerag. Forvaltningsplanen opnar for dette, så lenge det ikkje er i konflikt med verneformålet. Men planutkastet slår også fast at det retningsgjevande for Frafjordheiane er fri ferdsel i utmark, altså ikkje primært ferdsel etter opparbeidde ruter. Med aukande trafikk (slik det ser ut) og dei risikoutfordringar som finst ved Kjeragbolten/-veggen, er det likevel sannsynleg at god tilrettelegging er eit godt forvaltningsgrep. Og «god tilrettelegging» gjeld nok særleg tiltak knytt til sjølve stien/ruta mellom Øygaardstølen og Kjeragbolten. Sjølv gode informasjonstiltak (og kva er «godt», for kven?) er sannsynlegvis ikkje tilstrekkeleg om ein vil at dei besøkande skal oppføre seg på bestemt vis, eller gå/bruke bestemte stader/ruter. Då bør ein fylgje opp med gode, miljøtilpassa og eintydige tilretteleggingstiltak.

Tiltak langs ruta er alt både planlagt og starta; Stavanger Turistforening har lagt fram omfattande planar for å betre tilstanden langs ruta ut mot Kjerag (Stavanger Turistforening 2013). Den eksisterande stien/tilrettelegginga vart etablert i 1998-2001, med noko steinsetting og rekkverk av kjetting/boltar. Det nye tiltaket er ikkje meint å gjere det fysiske lettare å kome seg til Kjerag, men å 1) gjere det tryggare for dei som ferdast ved å redusere risikoen for steinsprang pga. erosjon mm 2) reparere erosjons- og slitasjeskadar og 3) gjere ruta betre framkomeleg og redusere faren for fallulykker på dei mest utsette stadene.

STF har tatt utgangspunkt i at «brukarar flest» her ikkje er spesielt fjellvante, og at tradisjonell varding ikkje er eit godt nok merketiltak, sidan mange «turistvandar» har blitt bygd og forvirrar om kva som er vegmerking og ikkje. Det er snakk om å setje opp større siktevardar (viktig i skodde og dårleg ver), kombinert med tett varding, raudmerking og skilting. Det er også planlagt å gjere tilsvarande arbeid som ein gjorde langs ruta til Preikestolen i 2013, altså å steinsetje og bygge trapper. Lokal stein skal brukast, så langt den finst og er eigna.

Sjølve arbeidet er godt i gang – fyrste innsats vart gjort etter sesongen 2014, og ein vil fortsetje så fort ein får fullført finansieringa. Mykje av steintransporten er alt gjort med helikopter (Henriksen, STF, pers. medd.). Poenget er at stien skal bli så vedlikehaldsfri som råd. I bratte parti vart det tidlegare

montert rekkverk, som har vist seg å vere for svake (no bøygde). Av estetiske grunnar vil ein vere forsiktig med nye rekkverk, og ein må i tilfelle velje meir robust stål.

Dette verkar som eit realistisk og godt tilpassa tiltak – både i høve til denne typen område og til dei aktuelle brukarane. STF byggjer på erfaringane med sti-arbeidet til Preikestolen, og poengterer at dei treng meir finansiering for å få gjort alt dei burde med stien til Kjerag.

Den store trafikkauken til Kjerag, og særleg i 2015, har sett fart i arbeidet for å utvide parkeringsplassen og service-bygget ved Øygardstølen, og ikkje minst: ideen om ei ny turisthytte «i bakkant av Kjerag» (i regi av STF) er lansert (Stavanger Aftenblad, 12. august 2015). Dette reiser fleire spørsmål, i tillegg til det akutte med tryggleik og service for dei mange Kjerag-gjestene: forholdet til verneinteressene og særleg villreinen (som kan kome tilbake), forholdet til 'Lysefjorden rundt' som lang og marknadsført turrute, ev. konkurranse med eksisterande overnattingsbedrifter i Lysebotn. Ei ny hytte vil jo vere i tråd med ambisjonen om merkevarebygging som verkemiddel for lokal næringsutvikling, men ei nybygd hytte inni landskapsvernområdet passar kanskje dårleg i hop med planane/høva for å gjere SVR og Frafjordheiane om til ein nasjonalpark?

4 Månafossen og Friluftsgarden Mån

Månafossen og fjellgarden/friluftsgarden Mån ligg i Fidjadalen i Gjesdal kommune i Rogaland. Månafossen er den høgste fossen i fylket, med sine 92 meter. Dette er ein av dei mest besøkte attraksjonane i Rogaland. I 2001 skreiv Fylkesmannen i Rogaland at 18-20.000 tek turen til Månafossen årleg. No skal det vere rundt 110.000 som går til fossen og rundt 35.000 vidare til Mån; av desse var det 1300 som overnatta på Mån i 2015 (Ø. Dahle, Jæren Friluftsråd, pers.medd.). Jæren friluftsråd (2014: 4) sette opp teljarar på nyåret 2013; «*dei nye teljarapparata syner at bruken av Jæren friluftsråd sine senter og friluftsområder er langt større enn det vi på førehand trudde*».

Fossen og garden er omtalt i fleire «prakt-bøker», årbøker, årsmeldingar, tidlegare forslag til verneplan for Frafjordheiane og den tidlegare forvaltningsplanen for Frafjordheiane landskapsvernområde, og sjølvstilt i den nye forvaltningsplanen for SVR. Vi har berre hatt tilgang på ein spesifikk fagrapport: Skjøtselsplan for slåttemark på Mån (Harestad 2014), men forvaltningsplanen viser til fleire bio-faglege rapportar om Frafjordheiane. Grunneigaren på Eikeskog slår dei 23 daa med grasvoll på Mån, i tråd med nemnde skjøtselsplan.

Fossen ligg like innafør grensa til Frafjordheiane landskapsvernområde, og Mån noko lenger inni verneområdet. Det er Jæren friluftsråd (JF) som eig garden Mån (kjøpt i 1987, restaurert og opna for gjester i 2003) – difor namnet 'Friluftsgarden Mån'. Staten eig Mån-eigedomen på 8000 mål. Månafossen prydar også framsida av årsmeldinga 2013 for friluftsrådet, og det er også JF som eig parkeringsplassen ved Eikeskog som dei besøkjande går frå (Figur 4).



Figur 4.1. Parkeringsplassen ved Eikeskog (Foto: Alf Odden).

Vi er altså i same verneområdet som Kjerag, og som for Kjerag har opplevingskvaliteten ved Månafossen sjølvstilt noko med det bratte og vertikale å gjere. Men i hovudsak er det ein veldig kontrast frå Kjerag til nedre del av Fidjadalen, der det er frodig grønt kulturlandskap og kulturhistorie som rår, saman med rennande fosse- og elvevatn og eit tett samspel mellom natur og kultur.

Google-søk på Månafossen gav 49.600 tilslag (inkludert også skriveforma Monafossen, og delvis som fellesoppslag med «friluftsgarden Mån») i mars 2015. I mai 2015 var talet nede i 33.700, og i mars 2016 oppe i 38.930 att.

4.1 Kva skal ein rekne som attraksjonen og turmålet Månafossen/Mån?

Månafossen/Mån er eit meir eintydig besøksmål (eller eigentleg to besøksmål) enn Kjerag – ikkje minst i høve til kommunikasjon, ferdselsårer og startpunkt. Ein når altså attraksjonane til fots og fotturen byrjar ved parkeringsplassen ved Eikeskog, inst i Frafjorddalen. Frå her går ein innover/oppover ein tydeleg definert sti og dels steintrapp (etter restaureringa som starta i 2012). Etter ein knapp halv time kjem ein opp til blikkfanget Månafossen og om ein fortset stien oppover så opnar etter kvart lendet seg og flatar ut. Garden Mån ligg på ei slette ved elva, om lag ein time frå Eikeskog. Jæren friluftsråd leiger ut 31 overnattingsplassar (ved førehandsavtale), men det er ope for kven som helst i kjellaren der det er varmestove og også ei fotoutstilling mm. Ein god del ligg også i telt

Sett i høve til ein eventuell besøksstrategi så det er viktig å føye til at gangruta fortset innover Fidjedalen ganske «rettlin» mot nordaust til Blåfjellenden turisthytte (STF) – dit er det rekna at ein treng 6 timar frå Eikeskog. Dette er ein av fleire tur-inngangar til Frafjordheiane. Fidjadalføret som natur-, kultur- og turdal er godt framstilt og visualisert av Stavanger Turistforening (1987) i boka Frafjordheiane. Dalføret endar/startar ved Langavatn, og då har vi kome nesten til Kjerag.

Turen til Månafossen ligg på www.ut.no, og turen vidare til Mån er omtalt på same oppslaget. Det er også nemnt at det er merkt rute vidare til den sjølvbetente STF-hytta Blåfjellenden. Alt dette er rekna som Middels krevjande turar.

4.2 Kommunikasjon; korleis kome seg til Månafossen/Mån?

Eikeskog – der ein startar å gå – ligg om lag ein times køyretur frå Stavanger. Frå Stavanger køyrer ein E39 sørover, så inn på Fv45 ved Ålgård, for så å svinge inn på fylkesvegen til Frafjord ved Gilja, og fortsetje til Eikeskog. Parkeringsplassen ligg i enden av vegen. Den er det Jæren friluftsråd (2014) som eig og gjestene må betale 20 kr i parkeringsavgift. I årsmeldinga 2013 skriv JF (2014) at parkeringsplassen har vore nedsliten og i dårleg stand. Ein har no opp-gradert plassen, med plass til noko fleire bilar (Dahle, pers. medd.). Det går ikkje offentleg kommunikasjon til Eikeskog.

Friluftsråda i Rogaland og Sunnhordland har laga eit sams turhefte kalla «Kom deg ut!». Her er det gode oversiktlege vegkart (men ikkje turkart) som er til stor hjelp for å finne fram til dei aktuelle turområda som friluftsråda i regionen har tilrettelagt. Heftet kan lastast ned på nettet.

4.3 Verneinteresser, ferdsel og utvikling. Om utfordringar, kunnskapsgrunnlag og kunnskapsbehov.

Sjå omtalen under 'Kjerag' når det gjeld dei overordna vernevurderingar for Frafjordheiane.

Det er særleg landskap, kulturlandskap og kulturprega vegetasjon (slåtte-/beitemark) som har verneinteresse i nedre Fidjedalen. Berggrunnen er fattig og raudliste-arter er så godt som fråverande (Harestad 2014), men vi tek atterhald for at grundigare lokal kartlegging kan påvise nye artar. T.d. skriv Gjesdal kommune i sin høyringsuttale til forvaltningsplan-utkastet at det er påvist solblom på ein holme nedanfor Månafossen og at «det ryktes» observasjon av solblom aust for Mån. Men i hovudsak tolkar vi det slik at verneinteressene er meir utfordra av attgroing enn av lokal påverknad pga. ferdsel. Dette må avklarast gjennom betra dokumentasjon og kartlegging.

Verneinteressene er i stor grad knytt til dei store landskapsformene og dei kvartærgeologiske prosessane som har sett sitt preg på landskapet (dalformer, hengande U-dalar, elvesletter, Månafossen mm). Opplevingskvalitetane for «fritidsfolket» er slik sett knytt til det som også er viktige verneverdiar.

Så vidt vi veit er det ikkje gjort brukarundersøkingar lokalt, men det finst altså automatiske teljingar av kor mange som besøker Månafossen og Mån årleg (Jæren friluftsråd 2014). JF skriv også at overnattingstala for Friluftsgarden aukar år for år, og det var 900 i 2013. I 2014 var det 1100 overnattingar (Jæren Friluftsråd v/ Ø. Dahle, pers. medd.), og i 2015 som nemnt 1300. Ein god del teltar også på slettene langs elva og stien innover mot Mån. Dahle seier at sjølve vegen fram til Eikeskog set sine grenser; det er ein vanleg «gardsveg» som er opprusta med fast dekke, men den er smal og taklar ikkje stortrafikk.

Slitasje og erosjon har vore, og er, ei utfordring, både pga. av terrengformer og forsterking frå nedbør og rennande vatn, frost og tining. Dei fyrste 100-150 metrane av stien/turvegen frå parkeringsplassen er utbetra gjennom steinsetjing og trappebygging i 2012, og tryggleiken/servicen for dei gåande er også betra ved hjelp av boltar og kjettingar til å halde seg i, langs stien (Jæren friluftsråd 2013). Dette utbetningsarbeidet har halde fram seinare og ein vonar å kanskje bli «ferdig» i løpet av 2016. Men den store trafikken gjer at det nesten er eit konstant behov for vedlikehald. Dei siste par åra har ein også steinsett delar av stien over fuktig flatmark, for å forhindre slitasje og erosjon, og slik at det ikkje blir stadig nye sløyfer og forgreiningar på stien, eller å få «hanka inn att» slike sløyfer. Stien innover mot Mån er steinsett på denne måten. 40 tonn grus og stein, kjetting og boltar er alt frakta ut med helikopter; no er det mest «handarbeid» som står att. I 2015 fekk ein økonomisk stønad frå SVR og Miljødirektoratet arbeidet (JF 2016).

Det er ikkje sikringstiltak ved stup og utsiktspunkt mot juvet og fossen. I mai 2015 melde NTB at ei fransk kvinne fall utfor ein skrent ved Månafossen; ein annan turist melde frå, ho vart henta opp v. h. a. helikopter og frakta til sjukhus i Stavanger, visstnok med armbrot. I fylgje JF vil ein ikkje sikre med kjetting ved stup og utsiktspunkt, men ein nyttar dels stengsel for å prøve å hindre at folk går fram mot visse stup. Hovudregelen er at kvar og ein ferdast på eige ansvar.

Kanskje er det grunn til å stille same spørsmålet som for Kjerag: potensialet for brukarkonfliktar er kanskje større enn potensialet for konflikt mellom bruk og vern? Er det t.d. (ei framtidig?) interessekonflikt mellom Månafossen som turistattraksjon og Månafossen/Mån som regionalt turområde? Det er i alle fall eit faktum at turismen gjev auka brukspress og slitasje på stien, på doen ved Eikeskog, fører med seg ein del søppel og gjev ganske høge driftsutgifter.

Frilufsloven er forankra i omsynsprinsippet (kvar og ein skal ta omsyn til andre brukarar, til grunneigar, til natur og miljø) og slik sett skal ein også forvente at dei mange som vil sjå Månafossen tek omsyn til kvarandre. Men det er likevel eit poeng å vite om ein er nær ei smerte-/mettingsgrense for besøksmengde, i høve til om folk (eller kven som) er nøgde eller misnøgde med besøket/opplevinga – særleg når ein no skal planlegge langsiktig i høve til ønskt besøksutvikling og vurdere behovet for tiltak framover. Men så langt manglar altså kunnskap om situasjonen og om oplevinga av det sosiale. Jæren friluftsråd (2014:9) drøftar (generelt) utfordringar i høve til reiselivet; «*vi ser at reiselivsbedrifter blir meir og meir opptekne av tilrettelegging, bruk/marknadsføring av friluftsområda våre til reisemål for turistar... dei ber JF legge til rette merka turløyper ... Kva gagnar friluftslivet, kva skjemmer og øydelegg oplevingar, aktivitet og rekreasjon i friluftssamanheng, må vere friluftsrådet sitt fokus.*»

Som for Kjerag så er det behov for meir kunnskap om dei ulike brukargruppene.

4.4 Bruk og brukarar – i dag og framover?

Sjølv om Månafossen ligg «avsidet» så er Frafjord/Fidjadalen langt lettare tilgjengeleg og nærare til Jæren/Stavanger/store busetjingar, enn Kjerag. Vi vil også tippe at omfanget av regionale brukarar er veldig stort – og at området spelar ei viktig rolle som **regionalt «turområde»** (sjå førre delkapittel). Men bruken har auka stort dei siste åra, og særleg til Månafossen. Kven er desse «nye» brukarane? Er det posisjonen som turistattraksjon som har blitt forløyst?

Månafossen og fjellgarden Mån er altså to ganske ulike turmål, og det er Månafossen som fenger **turistar flest** – dei lokale teljingane tilseier også det. Så lenge vi ikkje veit skal vi sjølv sagt vere forsiktige med å seie kven som går vidare til Mån og ikkje, men det er sannsynleg at det i større grad er nordmenn, og kanskje særleg frå regionen. Dette bør undersøkjast.

Kven er det som leiger seg inn og **overnattar på Mån**? I følgje Dahle (pers. medd.) er dette t.d. skuleklasser, bedrifter, vennelag m.fl. Dei kan leige heile bygget, dersom behov. All utleige må avtast på førehand. Det er nytt solcellepanel på garden. Mån og området rundt gjev inntrykk av å vere barnevennleg, med høve til både å **fiske (aure) og bade i elva**. Ein prøvar å **ikkje** trekke turgåarar til Månafossen og Mån vinterstid, fordi det ofte er både isete, glatt og sleipt. Men ein kan sjølvstilt ikkje stenge stien. Og varmastova på Mån står open heile året.

Det skal også vere mogleg å **gå inn i canyonen** frå parkeringsplassen ved Eikeskog - og kome inn der fossen kjem ned i dalbotn. Korleis skal forvaltninga / friluftsrådet sjå på dette; er det heilt kuriøst eller er det verkeleg «den nye attraksjonen»? Friluftsrådet (Dahle, pers. medd.) seier at ein foreløpig ikkje vurderer dette «seriøst», men at ein klar over potensialet og ser det storslagane i denne turen. Her kan det vere fare for steinsfall og ulykker, og difor behov for nøye vurdering og kanskje sikrings-tiltak om ein vil satse på denne ruta.

Eikeskog er også startpunkt for mange av dei som går lengre eller **fleirdagars tur i Frafjordheiane**. Overnattingstal frå Blåfjellenden og Langavatn vil seie noko om omfanget, men andre vil ligge i telt og ikkje bli fanga opp av overnattingsstatistikk. Eit tett «samkvem» mellom «fosseturistar» og langvandrarar den fyrste halvtimen frå parkeringsplassen er truleg ikkje nokon stor konflikt. For nokon kan det kanskje heller underbyggje kvifor dei søker den «folketome kontrasten» ved å kome seg innover Fidjadalen?

Kva med dei lokale sin **tradisjonelle bruk av dalføret** innover, t.d. knytt til landbruk? I samband med ein besøksstrategi bør også denne bruken dokumenterast og dei som har bruksrettar mm bør inviterast til å gje innspel til korleis området bør utviklast.

Generelt sett: Det bør gjennomførast breie brukarundersøkingar ved hjelp av fagmiljø som har erfaring med både planlegging, gjennomføring, analyse og rapportering av slike undersøkingar. Miljødirektoratet (2015a) stiller også krav om at god brukarkunnskap skal på plass før ein besøksstrategi blir utarbeidd. Undersøkingane må tilpassast dei lokale forholda slik at breidda av bruk og brukarar blir fanga opp.

4.5 Informasjonsbehov – om kva, i kva form, til kven og kvar?

I motsetnad til ved Kjerag/Øygaardstølen: Ved Eikeskog er det mindre behov for informasjon for å finne trygt fram til attraksjonane (Månafossen og Mån). Ruta til fots er ganske eintydig ut frå parkeringsplassen ved Eikeskog (Figur 5); ein går rett til den breie «trappa» og fortset oppover. Det er viktigare med orientering om avstandar, skotøy, kor bratt det er, at det kan vere glatt, tur på eige ansvar mm. Risiko-informasjonen trengs (jfr. den omtalte ulykka i mai 2015).

Jæren friluftsråd treng sjølvstilt å informere om Mån mm, og Stavanger turistforening om turområdet sitt i Frafjordheiane. Like sjølvstilt er det med informasjon om SVR, om verneformål, og særleg om Frafjordheiane landskapsvernområde. og om kva opplevings- og turkvaliteter ein kan finne innover Fidjadalen (utover Månafossen og Mån).

Generelt sett er det også her behov for å samordne informasjonen. Dagens uryddige skilt-preg må bort, og dei rettmessige partane med lokalt informasjonsbehov (SVR, JF, STF og kanskje fleire) må involverast for å avklare kva det må informerast om. Igjen må skilting og informasjon forankrast i dei føringar og råd som Miljødirektoratet (2015c) gjev for «Innfallsporter», i samband med besøksstrategiarbeid.



Figur 4.2. Dagens oppslagstavler ved parkeringsplassen på Eikeskog. Vi ser nedre del av stien mot Månafossen/Mån gå bratt oppover i høgre kant av biletet (foto: Alf Odden).

4.6 Behov for tilrettelegging / tiltak – som service og/eller som ressursforvaltning?

«Stien» oppover til Månafossen er som sagt under grundig restaurering og steinsetjing, både i brattlendet og over fuktig flatmark. Mykje av stien har vore sterkt erodert og prega av slitasje. Ein er sjølv-sagt også redd for fleire ulykker, men «service-tiltaka» for brukarane er fyrst og fremst knytt til sjølv-sagt sti-traseen, t.d. i form av trappetrinn (tre og stein) og boltar med kjetting der ein kan stø seg / dra seg litt oppover, og stø seg nedover, og slik at ein gjerne kan gå på båe sider av kjettingen. Trafikkmengda til Månafossen tilseier at folk må kunna passere kvarandre greitt når dei møtest langs stien. Dette vil også dempe irritasjon og ev. fare for brukarkonflikta. Alt i alt så ser tiltaksbehovet ut til å vere i godt samsvar med det ein alt er i ferd med å «fullføre» av sti-tiltak (bortsett frå at slikt arbeid aldri blir 'fullført').

I dag er det eit enkelt toalettanlegg ved parkeringsplassen, der er to søppelkonteinarar og der er eit steinbord. Jæren friluftsråd samarbeider med ein av dei lokale/nære bøndene om ulike tenester (vedlikehald på Mån og av stien, skjøtsel av kulturlandskapet ved Mån mm). Vedkomande driv og eit lite busselskap, og har tankar om kanskje å opne ein kiosk. Også Gjesdal kommune er ein viktig samarbeidspart.

Også vegen inn til Eikeskog kan bli eit tema. Den er smal og har liten kapasitet. Men kanskje er det ein del av sjarmen og attraksjonen? Og kanskje står vegbreidda i dag i stil med parkeringskapasiteten ved Eikeskog? Ei utfordring er sjølv-sagt driftsutgifter og vedlikehaldsansvar. Her er stort turistbesøk, men pr. i dag: ikkje så mykje som gjev turistinntekter!!

5 Håhelleren

Google-søk på 'Håhelleren' gav 10 tilslag – og alle relevante, knytt til Håhelleren i Valle kommune. Søk på 'Håhelleren' gav 2090 tilslag i mars 2014, og i mars 2015 kom det 1950 oppslag på Google – og dei fyrste og dei fleste var relevante, men andre stader med same namn kom også opp (Modalen i Hordaland, i Lysefjorden, i Flekkefjord, Dronning Mauds land i Antarktis mfl.). Vi held oss til namneforma Håhelleren.

5.1 Om Suleskardvegen

I 1990 vart Suleskarvegen (mellom Brokke i Setesdal og Suleskard i indre Sirdal) opna og ein feirar difor 25 års jubileum i år. Vegen vart ei lenge påtenkt «fullføring» og kopling av Rv 45 i vest (Ålgård-Svartevatn) og Rv 45 i aust (Høydalsmo-Dalen-Rotemo) – «ein hundre år gamal draum», kallar Aabø (2014:28) det. Lik vegnummereringa i aust og i vest talar kanskje for seg, om gamle ambisjonar om å knyte i hop aust og vest – kople Oslo og Stavanger, via Telemark og Setesdal. Etter dagens krav er standarden for låg på desse 45-strekningane til å kunna kallast riksveg, og heiter no Fylkesveg45. Og sjølve Suleskardvegen er formelt Fylkesveg 987 i Vest-Agder (Sirdal) og Fv337 i Aust-Agder (Valle), og den er vinterstengt frå 1. november til 20. mai. Frå Suleskard og vestover går den over på fylkesveg 987, fram til Svartevatnet, der blir namnet altså Fv45 ned til Ålgård. Vegnummereringa er altså ikkje mykje å marknadsføre området med, det er mest til forvirring. Men det er viktige ferdsels- og opplevingskvalitetar i området (t.d. for langturar med motorsykkel), så når nettsida www.suleskardvegen.no presenterer Suleskardvegen så er ikkje det snevert knytt til vegen Brokke-Suleskard; ein tek med heile strekninga mellom Ålgård på Jæren og Høydalsmo i Tokke – altså mellom E39 i Rogaland til E134 i Telemark. I tillegg legg ein på avstikkaren til Lysebotn (sjå vår omtale av Kjerag) og Rv9 nordover frå Brokke i Setesdal og heilt til Haukeli i Vinje kommune. Sjølve Suleskarvegen er kjent for å vere Sørvestlandets høgste vegsamband (opp til 1050 moh).

I samanheng med Håhelleren som eit besøks- og informasjonspunkt så er det vegstrekninga «over fjellet» mellom Brokke i Setesdal og Suleskar i Sirdal som er den interessante.

5.2 Kva skal ein rekne som rammene rundt Håhelleren?

Håhelleren ligg om lag midt mellom Brokke og Suleskar. Vi definerer området i denne samanheng som å være sjølve rasteplassen med informasjonspunkt på Håhelleren, inkludert eit influensområde som dekkjer heile strekninga mellom Skaret og Ivlungsvatn. Det er spesielt viktig å setje lokaliteten inn i ein større samanheng, av omsyn til villreinen. Villreinområda i Setesdal er dei sørlegaste i Europa, og Setesdal Vesthei er det nest største villreinområdet. Samanlikna med dei andre villreinområda så er Setesdal Vesthei særprega av knapp tilgang til vinterbeite og til høgtliggande område som kan nyttast om sommaren. Å sikre villreinens tilgang til slike område bør ha størst prioritet i forvaltninga (Olav Strand, pers. medd.). Ramma for vår vurdering tar utgangspunkt i eit nytt villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke for perioden 2013-2017, og som byggjer på GPS-merkeprosjektet 2006-2011 (Strand mfl. 2011). Ei arbeidsgruppe har fått i oppdrag å utgreie fokusområdet Brokke-Suleskarvegen og ordlyden i problemstillinga er slik:

«Hovedtema 3: Betydningen av veiene Brokke-Suleskar og mellom SR og naboområder
GPS Merkeprosjektet (2006-2010) viste at Brokke-Suleskarvegen er en betydelig barriere for villreinen. Det gjelder for sommerhalvåret når vegen er i drift, og særlig gjelder det seinhøstes før vegen stenges for vinteren. Da står det ofte rein nord for vegen som er på trekk sørover, men som regel venter til vegen er stengt med å trekke over. Det er både selve biltrafikken, den øvrige menneskelige ferdsel en vei medfører. Arbeidsgruppen vil se på mulige tiltak som kan minske den negative effekten av veien. Det kan dreie seg om periodevis stengning av veien, f.eks. natte-stenging eller periodevis stenging i trekkperioden. For å kunne forsvare slike tiltak må den positive effekten for villreinen veies opp mot den samfunnsmessige kostnaden ved tiltakene, og effektene for villreinen vil måtte kunne dokumenteres. En ser for seg å prøve ut ulike tiltak i perioder, med målsetting om å få gode nok data til å kunne dokumentere effekten av hvert tiltak. Dette


vil gi oss kunnskap om effekten av aktuelle tiltak, og slik danne grunnlag for anbefalinger i prosjektets sluttrapport.»

Håhelleren skiller seg således fra Kjerag og Mån/Månfossen ved at hensynet til villreinen er en viktig faktor i tillegg til turisme/næringsutvikling. Bruken av Brokke-Suleskardvegen inngår som en viktig barriere for villreinen, bruken av vegen og landskapene rundt må finne sin form som har minst mulig negativ effekt på villreinens trekk og arealbruk. Derfor er det helt avgjørende at man løfter blikket og setter Håhellerområdet inn i et større landskapsutsnitt som er tilpasset villreinen arealbruk. Dette betyr at tilbudet til de besøkende økes på arealer der det er liten konflikt mot villrein, og at tilbudet til de besøkende reduseres / nedbygges på arealer der det er stor konflikt mot villrein.


5.3 Kunnskapsgrunnlag – Kunnskapsbehov?

5.3.1 Kunnskapsgrunnlag, Villrein

Kunnskapsgrunnlaget om villrein er stort i SVR området. I tillegg til mange historiske studiar og villreinfaglege utgreiingar i samband med ei rekkje kraftutbyggingar, så vart det sett i gang ei storstilla innsamling av GPS data mm. i 2007, og i 2011 kom sluttrapporten (Strand m.fl. 2011). I 2011 gjekk prosjektet over i ein implementeringsfase, der ulike tiltak skulle utgreiast eller setjast i verk for å betre situasjonen for villrein, samtidig som GPS merkinga vart vidareført. Arealforvaltninga av denne delen av prosjektet konsentrerer seg om såkalla fokusområde, dvs. område der det er spesielle utfordringar knytt til forholdet mellom menneske og villrein. Brokke-Suleskarvegen er eit viktig fokusområde i forhold til trekk over vegen til beiteområda sør for vegen, spesielt om vinteren. Ein viktig diskusjon er difor når vegen er open, i forhold til effektar på villrein. I juli, august og september er det lite villrein nær vegen, og konfliktnivået er lågt (Figur 6, 7, 8). Berre éi simle har vore i området og sør for vegen i juli, og det var i 2014.




Figur 5.1. Alle GPS posisjonar frå merka simler i juli for perioden 2007-2015 i Brokke-Suleskar området.




Figur 5.2. Alle GPS posisjonar frå merka simler i august for perioden 2007-2015 i Brokke-Suleskar området.



Figur 5.3. Alle GPS posisjonar frå merka simler i september for perioden 2007-2015 i Brokke-Suleskar området.




Figur 5.4. Alle GPS posisjonar frå merka simler i oktober for perioden 2007-2015 i Brokke-Suleskar området.



Figur 5.5. Alle GPS posisjonar frå merka simler i november for perioden 2007-2015 i Brokke-Suleskar området.

Tidssona for konflikt, slik det har vore i prosjektperioden, er i gjennomsnitt 2-3 veker i oktober og fram til stengning av vegen (Figur 9, 10). I denne perioden trekkjer villreinflokkane inn mot Brokke-Suleskarvegen frå nord, og står og «stangar» mot vegen i oktober. I november var det mange fostringsflokkar som kryssa vegen mot vinterområda i sør, til dømes i 2007 og 2009.

Strekninga der villreinen trekkjer over vegen kan vere både vest og aust for Rosskreppfjorden, men den vanlegaste trekk-korridoren er på austsida og nær Øyuvsbu-området. Figur 11 viser detaljar rundt kryssing av vegen i slutten av oktober og november. Kartet viser den uheldige plasseringa av Øyuvsbu i forhold til trekkområda for villrein, både aust og vest for turisthytta.



Figur 5.6. Viser detaljar rundt kryssing av Brokke-Suleskarvegen i området mellom ny rasteplass Håhelleren i vest og Kvislevatnet som ligger helt inntil vegen i øst.

Samla sett viser eksemplet frå Brokke Suleskar fleire interessante forhold som er viktige for forholdet mellom villrein og vegen:

- For det fyrste er dette eit område der vi tydeleg ser at reinen har ein årstidsavhengig bruk av området. Det gjer det vanskelegere å skilje mellom kor viktig reinens naturlege arealbruk er, samanlikna med kor viktig vegen er for trekk og vandringshøve.
- Vidare er det dokumentert at vegen har ein viss negativ innverknad på trekkhøva sørover i oktober, men også at det ikkje ser ut til å være eit lengre tidsrom der det er direkte konflikt mellom rein og veg med dagens driftsregime.
- Data frå november og gjennom vinteren viser at reinsdyra brukar nærområda til vegen som vinterbeite etter at vegen vert stengt 1 november.
- Det pågåande eksperimentet med å auke rein-bestanden kan medføre at dyra byrjar trekke sørover tidlegare og at ein då vil sjå ein lengre periode der det er konflikt mellom vegen og reinens vandrings- og beitehøve i dette området.

5.3.2 Konklusjon villrein og bruk av Håhellerområdet

Håhelleren ligg slik sett «i skuggen» av og på sørsida av Rosskreppfjorden, og er i mindre grad omfatta av villreintrekk og beite i denne perioden. Av dei stadene langs Brokke-Suleskarvegen som omfattar villreinområdet, så er det **området ved Håhelleren gjev minst konflikt**. Slik sett er dette eit godt utgangspunkt for å utvikle Håhelleren vidare som den viktigaste stoppestaden over fjellet.

Villreinen brukar store areal og skal ha høve for trekk og beite framover. Det er difor viktig å sjå Håhelleren i eit langsiktig og stor-skala perspektiv. Det vil seie at ein må gjere strategiske og langsiktige val om kva effektar Brokke-Suleskarvegen skal ha på villreinens overleving, i eit langsiktig perspektiv. Saman med vidareutvikling av rasteplassen og informasjonspunktet ved Håhelleren, må ein då gjere val også i forhold til andre stopp-punkt langs vegen. Kanskje må ein vurdere om andre stopp- og rasteplassar langs vegen må stengast eller innskrenkast pga. av viktige trekkruoter for villreinen. Vi drøftar dette nærare i diskusjonen.

Med basis i ei villreinfagleg vurdering peikar altså rasteplassen ved Håhelleren seg ut som ein lokalitet der ein kan stimulere dei reisande langs Suleskarvegen til å stoppe bilen og ta pause. Her kan ein slik sett auke t.d. service-tilbodet for dei vegfarande. Det bør vere eit klart mål og det er sterkt ønskjeleg at det blir eit tilsvarende redusert tilbod av andre raste- og stopp-plasser langs Suleskarvegen som er meir problematiske av omsyn til villrein-interessene.

5.3.3 Kunnskapsgrunnlag, Bruk av Håhellerområdet

Bruk av vegen

Det er gjort trafikktejingar ved Fløgevatn (vest for Håhelleren) langs Fv 987 Brokke-Suleskar. Dette er ikkje systematiske tejingar, men dei gjev ein god peikepinn på stader for stopp og parkering, samt volum på dei enkelte stadene. Tejeperioden var frå omlag 1. juni til rundt 20. oktober, og tal teljedøgn var 138 i 2013 og 126 i 2014. For 2013-2014 vart det telt omlag 77 000 køyretøy; dette tilseier i snitt 608 køyretøy per døgn. Andelen tungtransportar er rekna til 10-11%. Trafikkmengda aukar gradvis frå opninga av vegen rundt 1. juni, for så å nå ein topp i slutten av juli. Frå omlag 1. august minkar trafikken igjen gradvis til vegen blir stengt 1. november. Unnataket er veke 37, i starten av september, som gjev ein ny topp. Dette truleg pga. stor aktivitet i fjellet knytt til sauesanking, fiske, jakt og generelt stor utfart til fjells på fine septemberdagar. Trafikkmønsteret på Brokke-Suleskarvegen fylgjer om lag same mønsteret som andre fjellovergangar, t.d. som Fv27 over Venabygdsfjellet i Oppland/Hedmark.

Det kan vere interessant å gjøere ei lita øving på kor mange som er på reise ferie eller fritid på vegen. Om vi tek utgangspunkt i totalt 77 000 bilar (2014) og trekkjer frå 10% tungtransport, så får vi omlag 70 000 personbiler. 76% av disse er på ferie og fritidsreiser, (Rogalandsforskning 1997 referert i Buen 2013) og dette vil si vel 53 000 biler. Gjennomsnittlig tal personar i bilane varierer litt mellom undersøkingar, men vi kan ta utgangspunkt i 3.3 personer i kvar bil (Gundersen m.fl. 2015). Dette gjev nær 160 000 reisande.


Det er en rekke muligheter for stopp langs vegen, men mange avkjørsler er små og lite tilrettelagt for stopp (Figur 12). Det er fra en rekke instanser rettet ønske om å utbedre flere stopp og rastemuligheter langs vegen (Høringer til Forvaltningsplan SVR), og også utvidelse av hovedrasteplassen på Håhelleren. Dette tyder på at trafikken på hovedrasteplassen er stor, spesielt i ukene før og etter 1. august. Det er gjennom GPS merkeprosjektet samlet inn dokumentasjon på biler som står parkert langs hele strekningen fra Vestre Austmannaskaret til øst for Ivlungsvatn (Tonstad 2013, 2014); i juli og august i 2013 og i september og oktober i 2014. Det ble i alt registrert biler parkert på 16 steder langs vegen, og i alt ble det registrert 329 personbiler, 5 bobiler og 66 båthengere. Båthengere ble i all hovedsak registrert på Rosskreppfjorden og Øyarvatn.

I 2013 ble det gjennomført tellinger av biler som sto parkert langs Brokke-Suleskarvegen lørdag 27. juli (parkerte biler på 13 steder), søndag 4. august (6 steder), onsdag 7. august (6 steder) og søndag 11. august (8 steder). Det ble registrert 145 parkerte biler. Følgende tre steder hadde flest parkerte biler: Øyuvsbu, dam Rosskreppfjorden og inngang Ramsdalen ved Håhedlarvatn. I alt ble det registrert parkerte biler på følgende 15 lokaliteter: Skaret, Fløgevasskvæven, Fløgevasshytta, Monsbakken, Øyarvatn (Hegrestøl), Topp Monsbakkane, Ved Store Ramstjødn, P-plass ved Ramsdalen, Gammel rasteplass Håhedlarvatn, Ny rasteplass Håheller, P-plass sti Håhelleren (Gjeterhytta), Rosskreppfjorden, 1050 steinen, P-plass st Øyuvsbu og privat P-plass øst Ivlungsvann.


I 2014 ble tidspunktet valgt fordi bruken av vegen kan komme i konflikt med villrein i denne perioden. Vi har derfor ikke data fra høysesongen sommerstid i 2014. I løpet av 8 tilfeldige dager spredt i perioden ble i alt registrert 184 parkerte biler langs vegen, i tillegg til 2 bobiler og 31 båttilhengere. Følgende tre steder hadde flest parkerte biler: Øyarvatn, dam Rosskreppfjorden og ved Øyuvsbu. I tillegg ble følgende steder registrert med parkerte biler: Skaret, Fløgevasskvæven, Fløgevasshytta, Monsbakken, Øyarvatn (Hegrestøl), Topp Monsbakkane, Ved

Store Ramstjødn, P-plass ved Ramsdalen, Gammel rasteplass Håhedlarvatn, Ny rasteplass Håheller, P-plass sti Håhelleren, Rosskreppfjorden, 1050 steinen, P-plass sti Øyuvsbu og P-plass øst Ivlungsvann. Her er en kort oppsummering av de viktigste plassene:

- Rosskreppfjorden: Grunneierparkering, turister som leier Statskog sine hytter, sauefolk, jegere, folk som fisker i fjorden, samt turister som parkerer der for å ligge over noen dager i bobiler (dette er en helt uproblematisk plass i forhold til villrein).
- Øyuvsbu: DNT-hytte
- Øyarvatn: Vatnet grenser til SVR, båtrampa er ikke bomma, mange som fisker.
- Ivlungsvatn. Parkeringsplass for grunneiere. Står mye åpen på grunn av sauefolket og delvis andre brukere som fiskere og padlere.
- Sti til Håhelleren: DNT-sti
- Ramsdalen: DNT-sti.
- Flogevasskvæven/Flogevasshytta: parkering for sauefolk
- Gammel rasteplass ved Håhellervatn: Trolig mest vegfarende turister, men og DNT-turister og sauefolk.
- 1050-steinen: grunneierparkering og delvis «vill-parkering».



Figur 5.7. Viser fordelingen av de 329 parkerte bilene som ble registrert på 12 forskjellige tidspunkt/dager i juli, august, september og oktober i 2013 og 2014.



Figur 5.8. Viser alle lokalitetene hvor det er registrert parkerte biler i prosjektperioden. De røde punktene angir der det ble registrert parkerte biler med den systematiske metoden, mens de blå punktene angir steder der det er registrert parkerte biler (1 eller flere) under feltarbeid.

Vi gjør her litt vurderinger av parkeringsplassene som er registrert:

- Parkeringsplassen ved Øyvuvsbu er sprengt enkelte helger og mange parkerer i vegkanten. DNT har flere ganger tatt opp spørsmålet om parkeringsplassen kan utvides. Det kan tenkes at dette behovet blir tatt opp igjen i ganske nær framtid jfr. trafiksikkerhet.
- De private parkeringsplassene til grunneierne er i de fleste tilfeller sperret med kjetting. Unntaket er den litt større parkeringsplassen øst for Ivlungsvatnet. Denne blir mye brukt av folk som gjeter sauene.
- Vi har også observert en del biler parkert på steder der det ikke er p-plass, ofte av terrenggående biler (SUV).


Registreringene er gjennomført på dagtid og kveldstid, på hverdager og helg, under ulike værforhold (sol og regn), ulike måneder og i to sesonger. I tillegg er det gjennomført registreringer langs vegen av parkerte biler ved feltdager i området i 2013 og 2014 (Gundersen pers. medd.). Materialet, både de tilfeldige stikkprøvene og observasjoner gjort under feltarbeid, gir således et bilde på potensielle plasser for parkerte biler langs vegen og også en indikasjon på volum parkerte biler på plassene (Figur 13). Det er viktig å være klar over at bildet vil endre seg gjennom sesongen, fordi bruken endrer seg (tur, jakt, fiske, gjeting osv.). Det er registrert få parkerte biler på den nye rasteplassen ved Håhelleren. Dette skyldes at det er en rasteplass og det er forbudt å parkere og campere. I løpet av sommeren er det et stort ukjent antall biler som raster her, men få som bryter reglementet og parkerer (Figur 12). Disse bilene er gjennomgangstrafikk som er registrerte av trafikk tellerne til vegvesenet.

Det har ikke vært mulig å fremskaffe så mye data om de som ferdes med kjøretøy over Brokke-Suleskar, men andelen ferie og fritidsreiser er vist å være så stor som 76 % i 1997 (Rogalandsforskning 1997 referert i Buen 2013). Dette tilsier en svært stor andel som kommer langveis fra (utlendinger, nordmenn) og som har liten lokalkunnskap om området (førstegangsbesøkende).

Bruk av landskapet

Det finnes mange historiske kilder om bruken av Håhellerområdet, om helleren og bosettinger der (f. eks. Ryningen 1985, Hageland 1992), om falkefangst på Hytteheia (Undheim 2010). Skriftlige kilder peker på den store betydningen Håhelleren har hatt i området, som et knutepunkt som forbandt ferdsele i området og som en plass med stor identitet gjennom det menneskene som har vært der har opplevd og fortalt videre (Ryningen 1985). Med samfunnsendringer endrer landskapsverdiene seg, og i dag er det nye spor som veger, kraftutbygginger og hytter setter sitt klare preg på landskapet. Beitebruken dominerer fortsatt stort, og setter sitt klare preg på opplevelsen av landskapet. I tillegg består landskapet av naturgitte formasjoner og elementer, slik som variert topografi, topper, bekker, fosser,

I tillegg til oversikt over hvor kjøretøyene stopper og parkerer langs vegen, er det gjennomført tellinger av ferdsel på de merkede stiene i Håhellerområdet (Figur 14). I alt er 7 lokaliteter telt, henholdsvis 5 lokaliteter i 2013 og 4 i 2014 (egne data). Tellerlokalitetene er plassert langt fra Brokke-Suleskarvegen, og fanger dermed kun opp de som er på lengre dagstur eller fler dagerstur. Sammenlignet med mange andre T-merka stier i Norge er ferdselen i området på middels nivå. Ferdselen inn Ramsdalen er forholdsvis lav (900 personer), mens stien som går forbi Håhelleren og videre sørover har noe større ferdsel (1400 personer). Det er større tetthet av stier og også større trafikk i området rundt Øyuvsbu/Ivlungsvatn som ligger et stykke øst for Håhelleren. Ferdselen i terrenget er sterkt korrelert med trafikktegninger på vegen, og viser størst trafikk i ukene før og etter 1. august, samt en sekundærtopp i midten av september.



Figur 5.9. Viser telledata på T-merket stinett med turisthyttene Håhelleren og Øyuvsbu i Håhellerområdet med basis i registreringene i 2013 og 2014.

Overnattinger i turisthytter i området kan i tillegg gi en indikasjon på bruksintensiteten. Som gjennomsnitt for overnattinger i løpet av året i perioden 2006-2014 er det registrert 1564 overnattinger på Øyuvsbu og 256 overnattinger på Håhelleren. Av andre turisthytter som er tilknyttet T-merka

stinett ved Håhelleren har vi følgende overnattingstall i samme periode: Gaukhei (1337 overnattinger), Svartenut (654), Taumevatn (1529) og Tjønndalen (178). Overnattingstallene bygger opp under konklusjonen fra tellerne om at det er middels turisttrafikk i området. I tillegg til turister og vandrere er det lokale brukere i forhold til jakt, fiske og landbruk som utgjør noe trafikk.


Mange av de som ferdes på vegen er på ferie- eller fritidsreiser, og mange av disse har turen over fjellet som en del av en lengre reise. I forhold til den store trafikken på vegen gjennom sommersesongen, er ferdselen uti terrenget med utgangspunkt i vegen «overraskende» lav. Dette betyr at en stor andel av de som bruker vegen, holder seg i nærheten av vegen, enten bare betrakte gjennom bilvinduet, korte stopp/trakk på rasteplasser eller korte turer i terrenget i nærheten av rasteplassene.

5.3.4 Utfordringer – balansere bruk-vern og kanalisering som et mantra?


Kanalisering og konsentrasjon av brukerne er et mantra i dagens forvaltning, og begrepet er brukt i ulike sammenhenger. I forhold til en bruk-vern diskusjon, vil det være et overordnet mål å flytte på folk fra områder som er sårbare iht verneverdiene, til områder som er mindre sårbare eller mer robuste. Brokke-Suleskarvegen er et veldig oversiktlig vegsystem; det er stort sett vegen fra A til B og med få muligheter for avstikkere og stopp. Vegregimet (f. eks. åpningstider) og tiltak som gjøres langs vegen i forhold til rasteplasser og andre tilbud vil ha direkte innvirkning på de som bruker vegen. Derfor vil det i praksis være enkelt å håndtere hvor bilturisten stopper langs vegen, ved å stenge av rasteplasser som er lokalisert i sårbare områder og utvikle/forbedre tilbudet i lite sårbare områder. Håhellerområdet og den nye rasteplassen er godt egnet for å kanalisere bruken langs vegen.

Når det gjelder fotturisten er utfordringene i første rekke knyttet til beliggenheten av turisthytta Øyuvsbu. Parkeringsplassen til Øyuvsbu er blant de mest brukte, og det samme gjelder det merkede stinettet i forbindelse med turisthytta. For å få en logisk helhet i håndtering av både biltrafikken og fotturisten i terrenget, bør turisthytta flyttes til Håheller-området. Dette vil gi en kanalisering av all trafikk som gagnar villreinen, og en eventuell ny turisthytta vil kunne knyttes nærmere opp til den nye rasteplassen og utviklingen av nye tilbud i Håheller-området.

Forekomst av andre verneverdier i området er knyttet til rødlistearter og kulturminner (Figur 15), og kart over inngripesfrie naturområder i Norge viser at inngrepene med vannkraftutbygginger og veg dominerer i nærområdet til Håhelleren (Figur 16).



Figur 5.10. Viser forekomst av rødlistearter og kulturminner i Håhellerområdet (Kilden NIBIO).



Figur 5.11. Inngrepsfrie naturområder (INON) i Håhellerområdet (Kilde: Miljødirektoratet).

5.4 Bruk og brukere – i dag og framover?

Den mest relevante brukergruppen å ha kunnskap om i denne utredningen, er de som kjører bil på vegen og eventuelt stopper eller har lyst til å stoppe/raste langs vegen. Dette er det, så vidt oss bekjent, begrenset med kunnskap om, men siden trafikken hovedsakelig er ferie og fritidsreiser er det en del fellestrekk som kan beskrives med erfaringer fra andre områder. I tillegg er det mye kunnskap om de tilreisende til regionen som helhet som er relevant.

5.4.1 Kunnskap om de besøkende til regionen

NINA har etterhvert gjennomført en lang rekke brukerundersøkelser i villreinområder i Sør-Norge, og en del av denne kunnskapen er relevant i forhold til Håheller-området. Hovedmotivet for å besøke fjellområdene er oftest stillhet og ro, naturopplevelse og oppleve landskapet. De aller fleste er på en fottur, men de besøkende oppgir i tillegg en lang rekke aktiviteter. Mange av aktivitetene er knyttet til bruk av merket stinett (fra 80% til 90% av de besøkende). Det er stor spennvidde knyttet til hvordan idealturen er for de besøkende, der noen ønsker sterk tilrettelegging og det er greit med mange andre besøkende, er det en del som ønsker liten grad av tilrettelegging og å være alene. Dette spekteret av besøkende er det spesielt viktig å håndtere i en forvaltningssituasjon. Kanskje enda mer relevant i forhold til Håheller-området er at materialene viser noen interessante utviklingstrekk (noen er kun lokalt dokumentert):

- Langt flere nasjonaliteter
- Økende alder på de besøkende
- Færre på flerdagerstur, og flerdagsturen er kortere (2-3 dagers)
- Flere på dagstur (til «highlights»), og kortere dagsturer (<4 timer)
- Mindre «motstand» mot tilretteleggingstiltak – særlig det som gjelder stien
- Økende interesse for topturer
- Stor økning i bruk av det merkede stinettet
- Økende tilfredshet med forvaltning og tilrettelegging
- Mindre kunnskap om regelverket

